



Årsmelding 2024

Innhold

Rådmannen sin innleiing til årsmeldinga	3
PERSONALADMINISTRASJON.....	5
Bemanning	5
Likestilling	5
Sjukefråvær	6
Personaladministrasjon	7
ØKONOMISK UTVIKLING OG RESULTAT	8
Driftsrekneskapen	8
Driftsinntekter fordelt på type.....	11
Oversyn over kraftinntektene siste 7 år.....	13
Driftsutgifter fordelt på type	13
Arbeidskapitalen.....	15
Likviditet og avkastning av midlar.....	16
Eigenkapital / fondsbeholdning	16
Utlån, aksjar og andelar	17
Lånegjeld	18
Avskrivningar	18
Investeringsrekneskapen	19
Verbalvedtak budsjett 2024.....	26
SENTRALADMINISTRASJONEN.....	30
ØKONOMI	30
TENESTEPRODUKSJON.....	31
UNDERVISNING	34
ØKONOMI	34
TENESTEPRODUKSJON.....	34
SAMLA VURDERING	38
MODNEN BARNEHAGE.....	39
ØKONOMI	39
TENESTEPRODUKSJON.....	39
SAMLA VURDERING	41
KULTUR, NÆRING OG BEREKRAFT	42
ØKONOMI	42

TENESTEPRODUKSJON.....	42
DRIFT OG FORVALTNING.....	50
ØKONOMI	51
Drift	51
Vatn og avlaup	53
Forvaltning.....	53
TENESTEPRODUKSJON.....	54
Drift	54
Reinhald	55
Brannvern	56
Vatn og Avlaup:	57
Forvaltning.....	58
UTFORDRINGAR PÅ EINGA	60
HELSEAVDELINGA	62
ØKONOMI	62
TENESTEPRODUKSJON.....	63
SAMLA VURDERING	68
HELSE OG OMSORG (NAV SOSIALE TENESTER):.....	69
ØKONOMI	69
TENESTEPRODUKSJON.....	69
SAMLA VURDERING	70
PLEIE- OG OMSORG	71
ØKONOMI	71
TENESTEPRODUKSJON.....	71
SAMLA VURDERING	75
KOSTRA	76

Rådmannen sin innleiing til årsmeldinga

Årsmeldinga skal best mulig beskrive tenesteproduksjonen og aktiviteten som har vore i Eidfjord kommune i 2024. I lag med årsrekneskapen gjer årsmeldinga eit heilskapleg og overordna bilde av drifta vår, og korleis ressursane er nytta.

Gjennom årsmeldinga ser ein og viktige utviklingstrekk og korleis grunnlaget er for vidare utvikling, prioritering og styring av kommunen framover.

Kommunen som samfunnsaktør

Kommunen har ei sentrale rolle som samfunnsaktør. Kommunen skal yte gode tenester til innbyggjarane samstundes som ein skal passa på at tenestene ytast innfor dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld. Samfunnet er i stadig utvikling, og dette må vi som tenesteytar fylgje med på og sørge for å vera i stand til å handtere.

Tenestene har jobba godt for å rekruttere kompetanse og følgje med i samfunnsutviklinga, eit arbeid som vert meir og meir viktig i tida framover grunna den demografiske utviklinga i samfunnet.

Kommunane i Noreg har hatt eit krevjande år med ressursmangel innanfor fleire område og økonomiske utfordringar. Eidfjord har vore, og er, i ei særstilling med sitt høge inntektsnivå frå kraftrelaterte inntekter. Det er inntekter som ein i 2024 og åra som kjem skal arbeida for å bevare og nytta på best mogleg måte for innbyggjarane.

I 2024 har aktiviteten vore stor på mange område. Året har og vore eit år der ein har arbeida for å få betre oversikt og justere arbeidsmengda spesielt med tanke på investeringsprosjekt.

Av større hendingar så har arbeid med nytt reinseanlegg og mellombels stopp i tilknytningar til avlaup i Sysendalen, ny arealdel til kommuneplanen og oppstarten av Visit Eidfjord KF inkl. landstraum vore arbeida med. Det er krevjande prosjekt som på ulike måter er viktig for den vidare utviklinga av Eidfjord.

Økonomi:

Rekneskapen for 2024 viser eit mindreforbruk etter budsjettet bruk og avsetjingar til fond på om lag kr 2,3 mill. Netto driftsresultat var kr 3,3 mill. som utgjer om lag 1,3 % av driftsinntektene.

Korrigert for årets premieavvik er netto driftsresultat 7,1 %. Netto driftsresultat er eit mål på kommunal handlefridom. Kommunal- og moderniserings-departementet har sett eit mål på minst 1,75%. Eidfjord har dermed god margin målt mot dette minimumsmålet.

Kraftprisane har utvikla seg svært positivt for kommunen gjennom dei to siste åra. Dette kan og ha stor påverknad i framtidige kraftinntekter dersom utviklinga held fram over tid. Denne utviklinga i kraftprisar har ei tilsvarande negativ effekt for innbyggjarar og verksemdar i både Eidfjord og spesielt Sør- og aust Norge.

Kommunen er avhengig av kraftrelaterte skattar. Det betyr at kraftprisane og svingingar i desse, har ein direkte påverknad på kommunen sin økonomi. Dette er forhold vi ikkje styrer heilt og fullt sjølv.

Einingane har arbeidd aktivt og godt gjennom heile året, og har sjølv beskrive sin utvikling i årsmeldinga i meir detaljar. I 2024 lyste kommunen ut stilling som kommunalsjef oppvekst og vil etter endringa ha fem kommunalsjefar som utgjer rådmannen si strategiske leiargruppa framover. Ei leiargruppe som skal arbeida målretta for ei best mogleg drift og utvikling.

Kommunen har levert gode tenester på alle tenesteområda. Samtidig er det eit høgt aktivitetsnivå i kommunen og press i arbeidsmarknadane på kompetanse innanfor fleire av kommunens fagfelt. Den auka demografiske endringa med stadig fleire eldre og manko på arbeidskraft har ikkje treft Eidfjord for fullt enda, det vil me merka meir til i åra som kjem.

Ein kommune er politisk styrt og rådmann har som hovudoppgåve å i lag med sine folk å gjennomføra dei vedtak som vert fatta. Det har vore konstruktive diskusjonar om viktige saker i kommunestyret. Saksmengda har vore stor som det normalt sett er i Eidfjord på eit relativt høgt tal saker.

Takk til alle tilsette, politikarar og innbyggjarar i Eidfjord for eit vel gjennomført 2024.

Eidfjord 31.03.2025

Magnus Steigedal
-rådmann-

PERSONALADMINISTRASJON

Bemanning

Det er 74,8 % kvinner og 25,2 % menn i arbeidsstokken. Totalt er gjennomsnittsalderen for tilsette i Eidfjord år 45,3 år.

Denne kjønnsfordelinga har vore nokså stabil i mange år og speglar også i stor grad kjønnsfordelinga i kommunesektoren generelt. Kommunen har som overordna mål å integrera likestillingsomsyn i løns- og personalpolitikken generelt i samsvar med lov og tariffavtale, men har ikkje sett i verk eller planlagt særskilde likestillingstiltak. Me legg vekt på å ivareta omsynet til likestilling og likebehandling ved rekruttering, tilsetjingar, lønsfastsetjing, permisjonar og andre aktuelle saker der det etter likestillingslova og andre lover skal takast omsyn til likestilling.

Eidfjord kommune har ved utgangen av 2024 157 ca.årsverk. (inkludert vakante stillingar) mot 153 årverk i 2023.

Likestilling

Likestilling er ein viktig verdi i Eidfjord kommune. Me vil jobba for at kvinner og menn skal ha like moglegheiter – og me vil visa at me etterlever dette i våre planar og i utøving av tenestene. Eidfjord kommune sin livsfasepolitikk skal avspegle likeverd for tilsette i alle aldersgrupper, og arbeids-stokken skal vere prega av mangfald. Me skal ha fokus på inkludering og tilrettelegging hjå alle medarbeidarar. Eidfjord kommune skal som IA bedrift leggje til rette for at fleire kan nytta sin arbeidsevne, og at kommunen representerer mangfoldet og samansetningen i samfunnet for øvrig.

Me har ein vedtatt seniorpolitikk som skal bidra til at medarbeidarar ønsker å stå i stilling utover pensjonsalder. Vidare skal kommunen sikre like muligheter og rettar til deltaking, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Ei vidare prioritert oppgåver er å arbeide for at fleire får tilbod heiltidsstilling. Leiinga har i samarbeid med dei tillitsvalde fokus på heiltidskultur. Me arbeider mot målet at flest mogeleg skal få tilbod om 100 % stilling. Eidfjord kommune skal vera inkluderande overfor ulike kulturar, og vera med på å lette overgangen til arbeid, og vera ein god tiltaksarrangør.

I tabellen under fylgjer SSB sine indikatorar for kjønnslikestilling i kommunen.


	2023	2022
	4619	4619
	Eidfjord	Eidfjord
Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)	100	87,1
Andel menn blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	52,9	47,1

Andel kvinner blant kommunestyrerepresentanter (prosent)	47,1	52,9
Andel menn med høyere utdanning (prosent)	22,9	20,4
Andel kvinner med høyere utdanning (prosent)	35,6	34,9
Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	88,6	86,6
Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)	80,8	79,2
Gjennomsnittlig bruttolønn, menn (kr)	655100	693 800
Gjennomsnittlig bruttolønn, kvinner (kr)	478200	447 000
Andel sysselsatte menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	17,1	15,9
Andel sysselsatte kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent)	46,3	46,5
Andel fedre som tar hele fedrekvoten eller mer av foreldrepengerperioden	63,2	70,6
Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)	0,40	0,40
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	22,2	23,4
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentlig sektor (prosent)	77,8	76,6
Andel menn blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	73,2	74,4
Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i privat sektor (prosent)	26,8	25,6
Andel menn blant ledere (20-66 år) (prosent)	58,1	56,3
Andel kvinner blant ledere (20-66 år) (prosent)	41,9	43,8
Grad av kjønnsbalanse i utdanningsprogram på videregående skole (skår)	0,61	0,72

Sjkefråvær

Det totale sjukefråværet har vore 9,4 mot 7,7 % i 2023. Langtidsfråværet er på 7,3 % og korttidsfråværet er på 2,1 %.

Tal frå 2014-2024 i %.



Tal pr. sektor:

Tenesteområde	Korttid	Langtid	Total fråvær
---------------	---------	---------	--------------

Eidfjord kommune	2,1 %	7,3 %	9,4 %
Drift og forvaltning	2,7 %	7,4 %	10,1 %
Pleie og omsorg	2,7 %	6,3 %	9,0 %
Kultur og Berekraft	1,2 %	9,8 %	11 %
Lægreid skule	1,7 %	2,4 %	4,1 %
Modnen bhg	2,4 %	15,4 %	17,8 %

Eidfjord kommune har hatt som mål å ikkje ha eit sjukefråvær som er høgare enn 6%. Me ligg langt frå målsettinga og truleg er det utfordrande å nå denne.

Langtidsfråværet vil vera eit viktig mål å få redusert. For å fylgje dette opp vert det viktig å leggja til rette for god fráværssrapportering og ha gode arenaer der frávær vert kommunisert. Å skapa fokus på dialog om sjukefráværstatistikk innanfor alle verksemd, og fylge opp fráværet til sine tilsette, er ei prioritert oppgåva for leiarane i Eidfjord kommune.

Sjukefråværet vert regelmessig handsama i arbeidsmiljø-utvalet, og som IA-verksemd har kommunen fastsett prosedyrar for oppfylging av sjukemeldte. Avtale om inkluderande arbeidsliv pålegg arbeidsgjevar å fastsetje aktivitetsmål for å redusera sjukefråværet.

Eidfjord kommune i samarbeid med bedriftshelsetenesta utarbeidd samarbeidsavtale på overordna plan og plan for kvar eining.

Kartlegging av arbeidsmiljøet skal vera eit middel for å fange opp eventuelle negative ting og gjera endringar. Som kartleggingsverktøy er einingane pålagt å ha faste personalmøte, der det psykososiale arbeidsmiljøet skal vera i fokus. Det skal vera møte med tillitsvalde og verneombod der førebygging av sjukefråvær og oppfølging av sjukmelde skal vera tema for å sjå på løysingar og mogelegheit for m.a. tilrettelegging/førebygging. Alle tilsette skal ha tilbod om medarbeidersamtale. I overordna plan for samarbeid med bedriftshelsetenesta er det bestemt at einingane skal ha møte med bedriftshelsetenesta, der verneombod skal delta for å avtale samarbeid innan HMT.

I tillegg til den personalpolitiske utfordringa er det og heilt naudsynt å understreka at eit høgt sjukefråvær er svært kostbart for kommunen.

Personaladministrasjon

Det har det vore lønnsforhandlingar med tilsette i kap. 3 og 5. Det var sentrale og lokale forhandlingar for alle tilsette i kap.4 i 2024. Prosessen har vore gjennomført i dialog med hovudtillitsvalde.

Ei prioritert oppgåve vidare er å implementere og digitalisere fleire arbeidsprosessar i eit nytt erp system (visma) for Eidfjord kommune.

ØKONOMISK UTVIKLING OG RESULTAT


Driftsrekneskapen er dette året gjort opp med eit mindreforbruk på kr 2,3 mill. etter budsjettert bruk og avsetjing til fond. Netto driftsresultat var kr 3,3 mill., som er 1,3 % av driftsinntektene. *Korrigert for årets føring av premieavvik er netto driftsresultat 7,1 %.*

Driftsrekneskapen

Hovudtal (Beløp i 1000
kroner)

	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
	2024	2024	2023	2022	2021
Driftsinntekter	-260 614	-251 619	-270 562	-269 193	-228 183
Driftsutgifter	276 317	264 605	261 276	236 911	209 075
Brutto driftsresultat	15 702	12 986	-9 285	-32 282	-19 108
Netto renter/aksjeutbyte/avdrag	1 295	11 101	-3 656	5 186	7 454
Motpost avskrivningar	-20 310	-20 310	-19 891	-19 149	-19 001
Netto driftsresultat	-3 313	3 776	-32 834	-46 245	-30 655
Netto driftsres. i % av driftsinnt.	1,30 %	-1,50 %	12,10 %	17,20 %	13,40 %
Netto premieavvik	15 220		-12 806	4 894	7 913
Netto driftsres. i % av driftsinnt.ex.premie.avvik	7,10 %		7,40 %	19,00 %	9,90 %

Netto driftsresultat er eit mål på kommunen sin handlefridom. Kommunaldepartementet har uttalt at prosentalet bør vera minst 1,75 %. Netto driftsresultat i kommunen er såleis bra, og gjer at kommunen har stor handlefridom.



Avvik i netto driftsresultat mellom budsjett og rekneskap skuldast i hovudsak:

	Meirinntekter/ mindreforbruk	Mindreinntekter/ meirforbruk
1 Netto drift einingane	1 111	
2 Netto mindreinntekt. Budsjettet overføring frå Visit Eidfjord KF		8 500
3 Konesjonskraft netto	2 579	0
4 Naturressursskatt		636
5 Skatt på inntekt og formue		1 808
6 Rammetilskot	1 519	0
7 Integreringstilskot	1 590	
8 Utbyte	3 123	
9 Konesjonsavgifter	756	
10 Rentekostnad / avdrag	1 499	
11 Renteinntekt/utbyte/ gevinst finansielle midlar	4 859	
12 Anna	889	
	18 033	10 944
Avvik netto driftsresultat	7 089	

1. Totalt syner nettoutgiftene på einingane eit mindreforbruk, men det er stor variasjon mellom einingane.

Postar med dei største avvika:

Meirkostnad

Løn-/ sosiale kostnader	3,8 mill.
Har motteke ca. kr 6,2 mill. i sjuke-/og foreldrepengar, som kjem til frådrag.	
Kjøp vikartenester legekantor	1,4 mill.
Kjøp tenester frå private (i hovudsak tømning reinseanlegg og kjøp av feietenester)	0,6 mill.
Straum (høge straumprisar)	0,4 mill.
Kjøp tenester frå andre kommunar (underbudsjettet bla. barnevern , kjøp gjesteplass	0,8 mill.
Lisensar / driftsavtalar / / driftsavtalar / support dataprogram	1,1 mill.

Mindre inntekter

Tilknytningsgebyr VA	3,1 mill.
Avgiftsfrie gebyr (byggesaksgebyr)	0,7 mill.

Meirinntekter

Refusjon sjukepengar/foreldrepengar	6,2 mill.
Tilskot frå staten (bla. statlege prosjektmidlar)	2,7 mill.

2. Det var budsjettet kr 8,5 mill. i overføring frå Visit Eidfjord KF. Budsjettsummen tok utgangspunkt i netto inntekt frå hamn i 2023. Selskapet har ikkje hatt likviditet til å overføra midlar til Eidfjord kommune sitt driftsrekneskap. Overføring i 2024 vart 0 kr.

3. Høge kraftprisar i 2024 har gitt meirinntekter på sal av konsesjonskraft. Det var og differanse mellom systempris og områdepris, som og slo positivt ut. Av samla

konsesjonskraftmengde på 32,0 GWh, var 17,6 GWh prissikra, medan resten var seld for spotpris.

4.-5. Skatteinntekten vart lågare enn budsjettert. For naturressursskatten er årsaka lågare produksjon.

6. Rammetilskotet vart ca. 1,5 mill. høgare enn budsjettert. Eidfjord kommune vert trekt 60 % av skatteinntekter som er høgare enn landsgjennomsnittet. Då skatteinntekten vart lågare enn budsjettert, vert delar av dette utjamna ved mindre trekk i rammetilskotet.

7. Integreringstilskotet for flyktingar var underbudsjettert.

8. Utbyte frå Hardanger Energi AS var på kr 4,8 mill. Budsjettert utbyte var 1,8 mill.


9. Samla konsesjonsavgifter var på kr 12,9 mill. Konsesjonsavgiftene vert avsett kraftfondet.

10. Rente -/ og avdragskostnaden vart lågare, då budsjettert opptak av lån på kr 30 mill. vart utsett til 2025.

11. Høgare avkastning på bank-og pengemarkedsplasseringane, enn budsjettert.

Driftsinntekter fordelt på type

(beløp i heile tusen kroner)



Brukarbetalingar (2 %)

Gjeld alle brukarbetalingar. (bla. skule , Sfo, barnehage og helse og omsorg)

Sals - og leigeinntekter (18 %)

Største inntekta er sal av konsesjonskraft. Elles er det avgifter, gebyr, husleiger og billettinntekter som kommunen fakturerer.

Overføringar og tilskot frå andre (11 %)

Knyter seg til refusjonar frå trygdeetaten, meirverdiavgift, andre kommunar m.m., og statlege tilskot til barnehage, lege, fysioterapeut.

I tillegg er mva-kompensasjonen ført her. Ordninga med kompensasjon for meirverdiavgift vart lagt om frå 2004, slik at kommunane no får kompensert nesten all mva mot generelt trekk i rammetilskottet. I 2024 har kommunen kr 8,2 mill. i mva-kompensasjon frå driftsdelen.

Andre overføringar og tilskot frå staten (4 %)

Integreringstilskotet

Rammetilskot (14 %)

Rammetilskotet utgjør ein liten del av dei frie inntektene til kommunen samanlikna med andre kommunar. Årsaka er at kommunen vert trekt i rammetilskotet, grunna høge skatteinntekter samanlikna med landsgjennomsnittet.

Skatt på inntekt og formue (14 %)

Totalt kr 37 mill. kr 1,8 mill. under budsjett.

Naturressursskatten (10 %)

Naturressursskatten vert rekna ut etter ein fast sats (1,1 øre kWh) etter gjennomsnittleg produserte kWh siste 7 år.

Konsesjonsavgifter (5 %)

Konsesjonsavgifter kr 12,9 mill. Konsesjonsinntektene vert regulert kvart femte år, og vart sist regulert i 2021.

For 2024 er det etterbetalt konsesjonsavgifter for Leiro kraftverk for åra 2011-2023 kr 678 158,-


Eigedomsskatt (22 %)

Eigedomsskatten auka mykje frå 2012 grunna vedtekne endringa i maksimumsverdien på kraftanlegg. Denne vart auka med 5% i 2012, og 11 % i 2013. Sima kraftverk låg over maksimumsgrensa, slik at denne auken fekk innverknad frå dette året.

Grunna låge kraftprisar var Sima kraftverk ei stund under maksimumsgrensa og gjekk mykje frå 2016 til 2018, men frå 2020 har det vore ein auke grunna høgare prisar igjen.


Oversyn over kraftinntektene siste 7 år

	2024	2023	2022	2021	2020	2019	2018
Naturressursskatt	-24 863	-25 328	-25 871	-25 852	-25 357	-26 303	-25 688
Konsesjonskraft	-21 316	-29 295	-45 373	-19 552	- 6 655	-12 758	-12 711
Eigedomsskatt	-56 808	-57 331	-48 432	-53 116	- 51 384	-35 357	-32 955
Konsesjonsavgifter	-12 976	-12 237	-12 237	-12 237	-10 905	-10 905	-10 905
Samla kraftinnt.	-115 963	-124 562	-131 913	-110 757	-94 301	-85 323	-82 259



Driftsutgifter fordelt på type

(beløp i heile tusen kroner)



*) korrigert for avskrivningar

Løn- og sosiale kostnader (62 %)

Totalt er det kostnadsført kr 157,8 mill, i løn-og sosiale kostnader.

Som følge av endra rekneskapsprinsipp frå 2002 er langsiktige pensjonskostnader ført i staden for betalte pensjonsutgifter. Skilnaden – premieavviket- gjev dette året kr 12,8 mill. i redusert kostnad i driftsrekneskapen.

Kommunane kan velja å føra avviket attende over 10 år (endra frå 15 år frå 2011), men Eidfjord kommune har valt å ta avviket over 1 år. Kommunen har difor ikkje noko oppsamla avvik.

For 2024 utgjer dette ein netto auke i pensjonskostnaden på kr 15,2 mill.

Kjøp av varer og tenester (26 %)

Totalt kr 65,3 mill., med meirforbruk totalt på kr 6,2 mill.

Dei største avikspostane.

Avvik grunna bla

Kjøp tenester frå private	0,6 mill.	(Tømming reinseanlegg/ kjøp feiing)
Kjøp vikartjenester	1,4 mill.	(Innleige; helse og omsorg)
Straum	0,4 mill.	(Høg straumpris)
Kjøp tenester frå andre kommunar	0,8 mill.	(Barnevern / gjesteelev)
Kjøp konsulenttenester	0,7 mill.	
Drift,vedlikehald,support dataprogram.	1,1 mill.	(Lisensar,support,drift)
Lysing, trykking og kopiering	0,3 mill	(Eidfjord nytt, stillingsannonser)
Snøbrøyting ved private	0,2 mill.	

Overføringer og tilskot til andre (13 %)

Totalt kr 32,7 mill. Av dette utgjør utbetalte tilskot kr 18,4 mill. . I tillegg er mva. kompensasjon ført med kr 8,2 mill., og kjøp konsesjonskraft kr 4,4 mill.

Arbeidskapitalen

Arbeidskapitalen er lik differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld i balansen. Dersom tilgang av midlar er større enn bruk, får me ein auka arbeidskapital i perioden.

	2024	2023	2022	2021	2020
Tilgang midlar drift/inv.	-278 390	-299 911	-290 540	-258 065	-215 798
Bruk av midlar drift/inv.	292 751	273 429	258 789	237 964	-209 475
Endring ubrukte lånemidlar	-14 200	15 985	1 200	11 730	6 323
Endring arbeidskap (-er auke)	28 561	-42 466	-30 551	-8 371	-13 381
Arbeidskapital pr. 31.12.xx	141 102	154 443	130 411	99 859	91 488
AK % av brutto driftsinnt.					
ex. premieavvik	54,2	57,0	46,4	39,2	45,5

Kommunen har i 2024 hatt ein reduksjon i arbeidskapitalen på ca. kr 28,5 mill.

Likviditet og avkastning av midlar

(beløp i 1000 kroner)

	31.12.2024		31.12.2023	
	Nok i tusen	%	Nok i tusen	Nok i tusen
Innskot hos hovudbank	36 563	24	94 824	54
Høgrentekonto SPV31	0	0	0	0
Andelskapital i pengemarknadsfond				
Fondsforvaltning AS Pluss likviditet 1)	89 977	60	55 959	32
Skagen fonda, Høgrente institusjon 1)	12 174	8	11 471	7
Dansk Invest Norsk Likv. 1)	12 497	8	11 883	7
Samla kortsiktig likviditet	151 213	100	174 137	100
Avkastning gj.snitt sidan 31.12.2014	5,46		4,93	

Kommunen praktiserer ein restriktiv haldning til risiko i finansmarknaden. All likviditet er plassert i pengemarknadsfond og bankinnskot.

Eigenkapital / fondsbeholdning

(beløp i 1000 kroner)

	2024	2023	2022	2021	2020
Disposisjonsfond (frie fond)	108 921	130 082	99 911	59 296	43 629
Bundne driftsfond	27 821	21 188	25 160	24 763	27 864

Ubundne investeringsfond	6 176	5 955	5 689	14 927	7 219
Bundne investeringsfond	121	177	149	183	354
Rekneskapsmessig mindreforbruk				-	-
	143 039	157 402	130 909	99 169	79 066
Disposisjonsfond i % av					
brutto driftsinntekter	55	58,2	36,5	24,6	20,6

Den "reelle" egenkapitalen i eit kommunerekneskap er bundne og ubundne fond, likviditetsreserve og rekneskapsmessig overskot. Forskjellen mellom bundne og ubundne fond er at kommunestyret til ei kvar tid kan disponera dei ubundne fonda fritt.

Av disposisjonsfond utgjer kr 3,2 mill. i avsetjing til dekking av negativt amortisert premieavvik i 2025. Her ligg og fond Lægreid skule kr 15 mill. og bufferfond. Kr 22 mill.

I tillegg er vedteke bruk av disposisjonsfond til ikkje gjennomførte investeringar i 2024 på ca. kr 48 mill, som vil verta overført til 2025.

Disponibelt på kapitalfondet pr 31.12.2024 er kr 11,3 mill.

Detaljar om dei bundne fonda ligg som note i rekneskapen.

Utlån, aksjar og andelar

(beløp i 1000 kroner)

	2024	2023	2022	2021
Aksjar og andelar	7 937	5 937	5 940	5 607
Eigenkapitalinnskott,KLP	8 932	8 374	7 862	7 394
Sosiallån (formidlingl. overf.b.fond-09)	-	-	-	34
Utlån av Rv.7-fondet	2 190	2 190	2 190	2 190
Utlån av kraftfondet	1 863	1 837	2 137	2 297
Startlån	5 984	5 016	4 415	3 635
Utlån av bustadfondet	2 162	2 383	2 818	2 689

Utlån av kapitalfondet	150	0	0	2 500
	29 218	25 737	25 362	26 346

Andre aksjar og andelar er aksjar kommunen har kjøpt til varig eige, ikkje spekulasjonsaksjar.

Lånegjeld

(beløp i 1000 kroner)

	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Lånegjeld pr 01.01	147 244	138 250	146 318	152 336	136 064	131 227
Nye lån						
-KNB kommunalbanken		15 000		-	23 300	11 400
-KLP Kommunekreditt						
-Startlån husbanken	2000	2 000		2 000		
-SPV						
Innbetalte avdrag	-8 427	-8 006	-8 068	-8 018	- 7 026	-6 563
Ekstraordinært avdrag						
Lånegjeld pr 31.12	140 817	147 244	138 250	146 318	152 336	136 064
Rentekostnad	7 578	6 208	3 304	1 839	2 201	2 585
Effektiv rentekostnad %	5,2	4,68	3,72	1,21	1,04	2,01


Avskrivningar

I samsvar med rekneskapsforskriftene er avskrivningane på kr 19,8 mill. ført både i driftsrekneskapen og i balansen, men påverkar ikkje netto driftsresultat eller rekneskapsresultat.

Investeringsrekneskapen

Kommunen har totalt investert kr 35 mill. i inneverande år.

Investeringsvolum i heile mill. kr.:



Prosj	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr
202106 Sysendalen renseanlegg	12 252 765	13 222 600	969 835
202119 Gateljos Hereidsvegen	0	250 000	250 000
202121 Eidfjord torg og sjøfront	285 991	14 963 044	14 677 053
202204 Nøkkelsboks brannvesenet	0	173 687	173 687
202213 Påbygg idrettshallen	974 004	6 974 042	6 000 038
202217 Prosjekt " Kjærøyne"	0	4 870 462	4 870 462
202218 E-helseløysing	0	332 221	332 221
202302 Låsesystem kulturbygg	0	250 000	250 000
202303 Nye dører samfunnshus	324 996	458 278	133 282
202306 Badstu Kråkeskarvet	355 141	148 998	-206 143
202308 Foratu Evjo til Vikevegen	0	620 264	620 264
202310 Bil drift og forvaltning	539 275	511 308	-27 967
202314 Vassleidning Kyrkjevegen-Øvrehegen	120 250	0	-120 250
202315 Vidareføring VA Lægreidsvegen	610 214	171 090	-439 124
202317 Eternittsanering vassverk og silanlegg	215 118	917 344	702 226
202319 Styring varmekablar Fetalia	11 379	875 893	864 514
202320 Bil pleie og omsorg	488 614	500 000	11 386
202323 Infrastruktur klargjering tomt Kyrkjevegen	1 127 111	4 515 101	3 387 990
202327 Ny versjon WEB sak	157 988	862 000	684 637
202342 Oppgradering Sæbø skule	209	4 800 000	4 450 659

202401	Leikeplassar, Leikeapparat og utvikling	844 902	750 000	-94 902
202402	Sansehagen	532 227	1 875 000	1 342 773
202403	Pumptrack	119 686	375 000	255 314
202404	Garderobe/ teknisk Samfunnshuset	901 255	3 750 000	2 848 745
202405	Anleggsmaskiner (utskiftning og oppg)	367 109	625 000	257 891
202406	Transportmidlat (utskiftning og oppg)	-27 000	600 000	627 000
202407	Bilar brannvesen	83 623	500 000	416 377
202408	Brannvarsling kommunehuset	444 457	3 900 000	3 455 543
202409	Sjøbua tak og måling	0	2 375 000	2 375 000
202410	Tak fellesbygget (gamlebaustvegen 17)	515 522	750 000	234 478
202411	Moglegheitsstudie legekontor/helsehus	300 360	375 000	74 640
202412	Lyddørar legekontor	109 092	188 000	78 908
202413	Overbygg til legebil	0	250 000	250 000
202414	Kantine kommunehuset	0	188 000	188 000
202416	Ventilasjon vaksenopplæringslokaler	245 250	500 000	254 750
202417	Kildesorteringssystem	0	188 000	188 000
202418	Natursenteret, Klima, ventilasjon og varme (forprosjekt)	0	250 000	250 000
202419	Kultursalen- oppgradering	97 560	750 000	652 440
202420	Kino- ny prosjektor og server	0	1 000 000	1 000 000
202421	YX bygget	0	625 000	625 000
202422	Fjerning av bygg/nye brakker (NVE bygget)	645 636	625 000	-20 636
202423	Sentrum - parkeringsplassar	0	1 000 000	1 000 000
202424	OPS - Utbyggingsavtalar o.l	0	1 250 000	1 250 000
202425	Investeringar i veg, G/S og tilhøyrande infrastruktur	1 076 222	1 250 000	173 778
202426	Nytt ERP og budsjett system	264 506	625 000	360 494
202427	IKT teknisk	779 310	750 000	-29 310
202428	Profilhandbok for Eidfjord kommune	126 000	188 000	62 000
202429	Garderobeskap omsorgsbustadar	196 920	250 000	202 080
202430	Tålegrenseanalyse	437 500	437 000	-500
202431	Padeltennisbane	0	625 000	625 000
202432	Berekraftanalyse Sysendalen	0	625 000	625 000
202434	Prosjekt overflatevatn Lægreid-24	292 037	0	-292 037
202435	Ny tankbil 2024	35 625	5 750 000	5 714 375

202436	Brakker SFO	0	937 000	937 000
202437	Kjøp gnr. 5 bnr. 26	4 203 175	4 203 175	0
202438	Stiftingskapital "Investerinsstiftinga Hardanger og Voss"	2 000 000	2 000 000	0
202439	Oppgradering VA-strekk Fetalia	1 649 309	0	-1 649 309
202440	Mur Hjølmavegen (uværet Jakob)	676 481	0	-676 481
		35 050 290	95 745 507	61 146 179

202106 Sysendalen renseanlegg

Under arbeid i perioden 2024 – 2027 med mål om att nytt reinseanlegg for Sysendalen avgiftsområde er ferdig sommaren 2027.

202119 Gateljos Hereidsvegen

Midlar overført 2025. Ventar på vidare saksgang i 2025 i formannskapet og behandling vidare hjå fylket.

202121 Eidfjord torg og sjøfront

Prosjekt fase 1 av torg og sjøfront under arbeid våren 2025 er antatt ferdig hausten 2025. GBS entreprenør utførar arbeidet.

202204 Nøkkelsboks brannvesenet

Ferdigstilt.

202213 Påbygg idrettshallen

Påbygg på idrettshallen vil starte opp i 2025 og ferdigstilles hausten 2025. Prosjektet vart utsett i tid grunna utfordrande økonomisk situasjon hjå entreprenør.

202217 Prosjekt Kjærøyne

Prosjektet vil verta lagt fram for kommunestyre våren 2025 med mål om å ferdigstille prosjektet innan 2027. Prosjektet har tatt tid grunna avklaringar med Vegvesenet i høve utretting, byggesoner, siktsoner og tilpassing av prosjektet med tanke på best mogleg

utnytting av areal. Kjærøyna er planlagt tilrettelagt for bussparkering, lading av el-kjøretøy og servicebygg.

202302 Låsesystem kulturbygg

Under arbeid

202303 Nye dører samfunnshuset

Ferdig

202306 Badstu Kråkeskarvet

Ferdig

202308 Fortau Evjo til Vikehagen

Under arbeid (grunnerverv pågår)

202310 Bil Drift og forvaltning

Ferdig

202314 Vassleidning Kyrkjevegen – Øvrehagen

Ferdig

202317 Eternittsanering, vassverk og silanlegg

Ferdig med grunnlag, ikkje utlyst

202319 Styring varmekablar Fetalia

Gjekk inn i prosjekt utskiftning vest i hyttefelt

202320 Bil Pleie og omsorg

Ferdig

202323 Infrastruktur klargjering av tomt Kyrkjevegen

Politisk vedtak om avslutning. Bustadprosjekt i Kyrkjevegen vil koma som eigen sak våren 2025.

202327 Ny versjon WEB – sak

Ny versjon av kommunens arkiv, møte og sakshandsamingssystem. Ferdigstilt 2024.

202342 Oppgradering Sæbø skule

Prosjektering elektro ferdig, utlysing nye vindauger

202401 Leikeplassar,Leikeapparat og utvikling

Innkjøp og montering av leikeapparat barnehagen er gjennomført, det vart kjøpt inn noko utstyr til leikeplassen i Bjødnatun/Øvre Eidfjord som me drifta montere opp no i 2025.

202402 Sansehage

Under arbeid, ferdigstilles 2025.

I 2024 har ein ferdig med å leggja brustein og sett opp ein installasjon i «kroken» mot pårønderom, dette skal vera stille sone. Vidare er ein platting utvida og det er etablert platting for benk, gamle plantar er fjerna og erstatta, det er planta hekk mot parkeringsplass og det er kome på plass «vasspegel». Arbeidet held fram i 2025.

202403 Pumptrack

Ferdig. Pumptracken vart bestilt og montert i 2024. Denne står oppe på grusbanen ved skulen. Denne banen er flyttbar dersom den nye områdeplanen viser at området skal nyttast til noko anna.

202404 Garderobe/ teknisk Samfunnshuset

Oppgradering av tekniske løysingar for basseng samt oppgradering av garderobar. Oppstart veke 17 2025, og antatt ferdigstillelse sommaren 2025.

202405 Anleggsmaskiner

Ferdig

202407 Bilar brannvesen

Tankbil til brannvesenet. Ikkje bestilt, avventar avgjerd på manglande tilskot frå SVV

202408 Brannvarsling kommunehuset

Prosjektet endra og lysast ut på nytt, ferdigstilles 2025.

202409 Sjøbua tak og måling

Utsett pga torg og sjøfront og avventar rapport på tilstand bygg. Må vurdere om ein skal nytta midlar til mellombelse tiltak for tak og bygg.

202410 Tak fellesbygget (Gamlenaustvegen 17)

Ferdig

202411 Moglegheitsstudie legekantor/helsehus

Moglegheitsstudie med to alternativ, eit for ombygging og eit for nybygg. Moglegheitsstudien er ferdigstilt.

202412 Lyddørar legekantor

Ferdig

202413 Overbygg til legebil

Ikkje gjennomført, satt på vent i høve prosessen med helsehus. Prosjektet er tenkt for å ivareta akuttfunksjonen til legebil ved utrykningar spesielt på vinterstid.

202414 Kantine kommunehuset

Ombygging/istandsetting av kantine på kommunehuset

Ferdig

202416 Ventilasjon vaksenopplæringslokale

Ferdig

202417 Kildesorteringssystem

Under arbeid. Det er installert felles løysingar for kildesortering fleire stader.

202418 Natursenter,Klima,ventilasjon og varme (forprosjekt)

Ikkje aktuelt pr. no

202419 Kultursalen- oppgradering

Delvis ferdig, beteningspanel brann er montert. Gjennstår avklaring og istandsetting av skillevegg, skade i tak og gulv.

202420 Kino- Ny prosjektor

Overføring av midlar. Det vart utlyst anbudsrunde på ny server og projektor for kinoen, Saabra Kino AS vann dette og utstyret vert montert i 2025.

202421 YX bygget

Leggjast fram kommunestyresak i juni 2025 med bakgrunn i dialog i arbeidsgruppa for sentrumsutvikling.

202422 Fjerning av bygg/bye brakker (NVE bygget)

Ferdig. Ny flyttbar brakke på plass utanfor NVE bygget, gammalt påbygg rivd og fjernet.

202423 Sentrum – parkeringsplassar

Arbeidsgruppe for sentrumsutvikling har tatt vidare dialogen. Kommunestyresak våren 2025.

202424 OPS – Utbyggingsavtalar og liknande

Ikkje aktuelle prosjekt pr. no

202425 Investeringar i veg G/S, og tilhøyrande infrastruktur

Skifta brudekke på feet bru og lagt trekkerøyr til fiber ved Tråastølen.

202426 Nytt ERP system (økonomi / HR)

Ferdigstilles vår 2025

202427 IKT Teknisk

Ferdig

202428 Profilhandbok for Eidfjord kommune

Under arbeid. Eidfjord kommune held på å få utforma si eiga profilhandbok og grafiske profil. Arbeidet er forventa slutført i 2025.

202429 Garderobeskåp omorgsbustadar

Ferdig innkjøpt og montert

202430 Tålegrenseanalyse

Ferdig. Vestlandsforskning har gjennomført analysen. Dette kunnskapsgrunnlaget vil vert førande for vidare arbeid med besøksforvaltingsplan som vart vedtatt i planstrategien og i budsjettet for 2025

202431 Padeltennisbane

Under arbeid (satt på vent)

Det siste vedtaket når det gjeldt paddeltennisbanen er frå formannskapet at det skal vurderast å kunne plassere banen oppe på grusbanen ved idrettshallen. Sidan det no er på gang eit prosjekt med Vestland fylkeskommune angåande nyskapande aktivitetsanlegg og områdeplan er det difor fornuftig å avvente til me ser om me kjem med vidare i denne prosessen.

202432 Berekraftanalyse Sysendalen

Under arbeid. Oppstart i november i 2024. Den forventast å vera ferdigstilt i 2025 og vil vera kunnskapsgrunnlag for vidare planar med utvikling av Sysendalen.

202434 Prosjekt overfaltevatn Lægreid -24

Under arbeid

202435 Ny tankbil 2024

Levering 2025

202436 Brakker SFO

Ferdig

202437 Kjøp av gnr.5 bnr.26

Ferdig. Kjøp av tomt i skulevegen med tanke på vidare bustadsutvikling..

202439 Oppgradering VA-strekk Fetalia

202440 Mur Hjølmavegen (uværet Jakob)

Ferdig, ikkje asfaltert. Sendt søknad om skjønsmidler til delvis dekning av kostnad.

[Verbalvedtak budsjett 2024](#)

Vedtaka for 2023 vises her med status for kvart enkelt vedtak. Rådmann har innført nye rutinar for oppfølging av vedtak. Dei vedtaka som ikkje er ferdigstilt vert fulgt opp vidare i 2025 og vil rapporterast i forbindelse med tertialrapportane.

		Heile tusen	Status
6.11	Finansiering av ein traineeordning/ arbeidsmarknadstiltak for flyktningar som går på toppen av vanleg bemanning i offentleg eller privat sektor	1.000',-	Info møte på hotellet for næringslivet. Ordning er lita nytta, kun kommunen.
6.13	Løyving til tiltak i sti- og løypenett (Sysendalen løypelag)	800',-	Delvis utbetalt.

6.14	Løyving til Hardanger og Voss Museum til forprosjekt om Bu museum. Føresetnad er at dei andre eigarkommunane i HVM går inn med same beløp til saman.	100',-	Ikkje aktuelt, ingen andre kommunar vil inn med beløp. Kommunane vil avvikle avtale om Bu museum.
6.15	Rådmannen får i oppdrag til å utgreia mogleikar for etablering av ein guideskule i Eidfjord	250',-	Under arbeid, ferdig sommaren 2025
6.16	Forbedre og profesjonalisere turstiproduktet i kommunen	100',-	Del av samla arbeid og plan for sti og løypenett
6.18	Padeltennisbane (Sjå investeringsrekneskapen prosjekt 202431)	500',-	Satt på vent grunna prosjekt.
6.20	Utgreiing av det samla transportbehovet i kommunale tenester og framlegg om ulike alternative løysingar for å dekkja det.	75',-	Kommunestyresak vedteke, innarbeidast i budsjett
6.24	Utarbeida berekraftanalyse Sysendalen. (Sjå investeringsrekneskapen prosjekt 202432)	500',-	Under arbeid
6.25	Oppgradering samfunnshuset (2025, sjå verbalvedtak 2): kr -1 200 000 Sjå pkt 6.31	0,-	
6.27	Auka fondsbeholdning i enøk-fondet til kr 2 000 000,-. Kostnaden vert dekkja av bustadfondet. Rådmannen får i oppdrag å fylgja opp vedtaket i sak KST 22/102. I rullering av reglementet skal utleigebustader inkluderast.	1.000',-	Rullering av retningslinjer 17.06.24 k.sak 17.06.2024
6.28	Fond til oppgradering av utleigebustader. Kostnaden vert dekkja av bustadfondet. Innspel frå ein spørjeundersøkinga under utarbeiding om utleigemarknaden skal inkluderast i prosessen. Sak med forslag til reglement skal opp i KST innan mars 2024. Ordninga skal evaluerast fortløpande.	2.000',-	Iverksett og under arbeid
6.30	Påbygget til idrettshallen skal stå ferdig til landskappleiken 2025. Rådmann skal leggje		Plan om ferdigstilling haust 2025

	fram ein framdriftsplan for prosjektet i fyrste ordinære kommunestyre i 2024		
6.31	Rådmannen får i oppdrag å orientera kommunestyret saman med arrangøren Hardanger spelemannslag om budsjettet, planen, behov og eksterne finansieringskjelder for Landskappleiken 2025.		Utført, pågående arbeid fram til juni 2025
6.32	Gateljos på kommunal veg på Hereid: Rådmannen får i oppdrag å fylgja opp vedtak om å søke dispensasjon (kommunestyrevedtak 22/114). Dispensasjonssøknaden skal leggjast fram for politisk behandling før den vert sendt. Eventuell resterande budsjettmidlar frå 2023 vert vidareført til 2024.		Avventar FSK behandling
6.33	Rådmannen får i oppdrag å fylgja opp verbalvedtaket i budsjett 2023: «Oppgradering av garderobe, løyving av midlar til forprosjekt for å få fram sak om full- eller del oppgradering, med vilkår om tidsramme mellom 1. mars og 1. november.»		Kommunestyresak vedteke, ferdigstilleles i 2025
6.34	I saker ang. tenestekjøp ber ein rådmann framover vurdere om omfanget er slik at ein kan gjera dette med eigne tilsette, eventuelt slå saman oppgåver for å laga heile stillingar dersom dette er økonomisk fordelaktig for Eidfjord kommune. Endeleg avgjerd vert teken i kommunestyret.		HR og organisasjon tek omsyn når mogleg/praktisk i alle utlysingar
6.35	Gjennom samarbeid med Nasjonale Turistveier, Statens Vegvesen, Vernemyndighetene og Eidfjord Kommune så må vi gjenåpne gamlevegen gjennom Måbødalen for turisme, og også for øket sikkerhet ifbm mulige ulykker i tunellene. Dette er kritisk ifht merbelastningen i årene med stengt Lærdalstunnel, og åpning av Fossetromma.		Under arbeid, ingen utvikling pr 2024 som tilseier opning av vegen.
6.36	Rådmannen får i oppdrag å leggja fram sak om framtida til bensinstasjonsbygget innan juni 2024.		Pågåande arbeid i arbeidsgruppa for

			sentrum, sak til KST juni 2025

Utarbeiding moglegheita for etablering av guideskule

Me har lyst ut oppdrag om å utarbeide moglegheita for etablering av guideskule i Eidfjord og SPOR Natur og reiseliv AS skal gjennomføra utgreiinga.

SENTRALADMINISTRASJONEN

Dei administrative tenestene i sentraladministrasjonen er støttefunksjonar for all aktivitet som ikkje ligg direkte til dei tenesteytande sektorane. Det omfattar Rådmann, Økonomi, Tenestetorget, IKT, HR og Organisasjon. Desse skal gje intern service til organisasjonen for å legge tilrette for effektiv drift og kunne gje gode tenester til innbyggjarane.

Totalt antall årsverk som er budsjettert er 13,1 fordelt på 14 faste tilsette.

ØKONOMI

Sentraladministrasjonen				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	15 702 283	16 221 099	518 816	97
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	8 962 552	7 543 455	-1 419 097	119
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	2 550 472	2 430 043	-120 429	105
40-49 Overføringsutgifter	14 955 590	16 170 250	1 214 660	92
50-59 Finansieringsutgifter	0	1	2	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-779 600	-630 699	148 902	124
70-79 Refusjonar	-5 507 270	-6 116 000	-608 730	90
80-89 Overføringsinntekter	0	1	2	0
90-90 Finansieringsinntekter	-970 000	-650 000	320 000	149
	34 914 027	34 968 150	54 126	100

01-09 Løn inkl.trygd og avgift

Vakant stilling delar av året. Ubrukte midlar til lærling.

10-29 Varer/tenester

Kostnad etter uværet Jacob kr 0,5 mill. Søkt om dekning av ekstarordinære skjønsmidlar.

Data/support/vedlikehald kr 0,5 mill, driftskostnadar som er underbudsjettert.

Overforbruk kjøp bedriftshelsetenester kr 150'.

Annonsering / Eidfjord Nytt kr 0,3 mill.

30-39 Tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon

Kjøp tenester frå andre kommunar kr 0,2 mill.

40-49 Overføringsutgifter

Budsjettert tilskot til Breibandutbygging. Ikkje fullført i 2024,. Overført 2025.

60-69 Sals og leigeinntekter

Husleigeinntekter kr 164'.

70-79 Refusjonar

Breibandutbygging. Mindre ref. frå fylkeskommunen då prosjektet ikkje er ferdig. Kr 1,3 mill.

Meirinnteketer, sjukerefusjonar kr 0,7 mill.

90-99 Finansieringsinntekter
Utbetaling av bustadtilskot.

TENESTEPRODUKSJON

HR og organisasjon

HR og organisasjon har i 2024 prioritert arbeidet med lønspolitisk plan og ulike dokument tilhørende personalpolitiske retningslinjer. Det vart gjennomført lokale lønsforhandlingar i kap. 3, 4 og 5 mellom fagforeningane og arbeidsgjevar.

Vidare er støtte og rådgiving ein viktig del av HR-arbeidet.



Bilderamme ved Eidfjordvatnet

Tenestetorget

Tenestetorget har tilsaman 5,6 årsverk. Tenesta er ein del av rådmannen sin stab og yter tenester innafor sentralbord, servicefunksjonar, informasjon, annonsering, post/arkiv, sals- og skjenkeløyve, kommunalt utdanningsstipend, GDPR, sekretærfunksjon for politisk verksemd og valarbeid.

Tenestetorget har ansvaret for journalføring, arkivering, rutinar og kvalitetssikring i sakssystemet. Her har det vore stort auke i volum dei siste åra. Opplæring, system og support i sakssystemet er og ein viktig del av arbeidsoppgåvene.

Tenestetorget stiller sekretær for eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne. I tillegg stiller politisk sekretær i interne møte som arbeidsmiljøutvalet og i andre møte etter behov

Tenestetorget utfører ulike sekretæroppgåver for fjellstyret, som blant anna jorurnalføring av post, arbeid med reinsjakta, utlån av hytter og nøklar m.m. Ny avtale med fjellstyre må inngås i 2024.

Tenestetorget handsamar også søknader om skjenke- sals- og serveringsløyve.

Eit viktig fokus i 2024 har vore rådgiving og støtte i høve web sak.

Personvern (GDPR)

Frå 01.01.2024 har kommunen inngått avtale om personvernombod med Bergen kommune. Det er nedsatt ei arbeidsgruppe som i 2024 har hatt vekentlege møter

Digitalisering

Tenestetorget har brukt, og brukar mykje tid på digitalisering og utarbeiding av rutinar i høve desse. Dette er eit heilt nødvendig og kontinuerleg arbeid.

Informasjonsarbeid

Det er produsert 2 utgåver av Eidfjord Nytt i 2024. Redaktøren er og med i tverretatleg heimesidegruppa i kommunen.

Politisk arbeid

Det er dei folkevalde som trekkjer opp linjene for utviklinga til kommunen.

Tenestetorget stiller med møtesekretær, og er politisk sekretariat for formannskap og kommunestyret, og dei fleste andre utval.

Tenestetorget syter for at politikarane får utbetalt møtegodtgjersle 2 gonger i året.

Økonomiavdelinga

Det er tre tilsette på avdelinga i 2,90 årsverk.

Avdelinga har ansvar for budsjett/ økonomiplan, rekneskap, finansforvaltning, eigedomsskatt, fakturering og løn.

Etablering og iverksetjing av nytt ERP system for økonomi, HR, løn og reiserekningar har hatt prioritet i 2024.

IKT

IKT har leiar i 100 % stilling og IT konsulent i 60 % delt med Ulvik (40%)

Kommunen har ikkje hatt større driftsavbrot eller alvorlege hendingar på IKT i 2024.

Ein kjenner heller ikkje til uautorisert tilgong, tap av data eller større avvik av personsensitive data.

Trusselnivået mot IT systemer i offentlig sektor fortsetter å være betydelig med flere angrepsflater og trusler.

Daglige varslinger om sårbarheter i IT systemene som blir varslet fra NSM, Helsesciert, Kommunescirt og produsenter, gjør at IT konternuerlig må utføre sikkerhetsoppdateringer og vurdere nødvendige tiltak i forhold til vårt behov.

Kommunen leiger ofte inn profesjonelle aktører for denne oppfølgingen da dette krever spesialkompetanse, noe som gjør at konsulentbruk fremdeles forventes å være høyt.

Digdir, Helsedir v/E-helse og KS via KS-Digital publiserer flere planer og veiledninger for Digitaliserings løsninger som kommunen må vurdere nytteverdien av.

Nokre av disse er og kjem til å bli lovpålagte for kommunen.

Kommunen har implementert en rekke av dei Nasjonale løysingar, hvor kommunen benytter Digi Vestland som veileder og leverandører som samarbeidspart.

Beredskapsarbeid:

Kommunen har beredskapskoordinator i 20% som delteke på faste møter med Statsforvaltaren.

Gjennomgang av overordna ROS starta i 2023 og vert ferdigstilt i 2025, det er leigd inn eigen ressurs til arbeidet i 2025.

Arbeid med planverk og ros analyser for einingane pågår kontinuerleg.

Det er auka trykk på beredskapshendingar og samarbeid med statsforvaltar og nabokommunar. Dei fleste hendingane er knytt til ras og ulykker og vert handtert av KKL.

UNDERVISNING

Under eininga Undervisning, ligg fylgjande: skule, offentleg bading, logoped, vaksenopplæringa og SFO

ØKONOMI

Lægreid skule				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	27 753 923	26 227 511	-1 526 412	106
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	3 940 636	3 816 200	-124 436	103
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	1 158 863	1 146 700	-12 163	101
40-49 Overføringsutgifter				
60-69 Sals- og leigeinntekter	-487 886	-302 800	185 086	161
70-79 Refusjonar	-1 197 562	-692 000	505 562	173
80-89 Overføringsinntekter	-2 595	0	2 595	0
90-90 Finansieringsinntekter	-112 581	-50 000	62 581	225
	31 052 798	30 145 611	-907 187	103

Totalt ligg eininga over budsjett.

Forbruket har gått ned samanlikna med 2023, frå 114 % forbruk til 103 % i 2024. Overforbruk på post 01-09 har samansette årsaker. Auka bemanning grunna fysiske tilhøve på SFO, med plassmangel der ein må spreie elevane i mange ulike rom og lokale. Auka bemanning i forhold til einskild elevlar. Store utgifter i samband med kompetanseheving, der refusjon frå Utdanningsdirektoratet ikkje dekkjer utgiftene. Vikarutgifter knytt til dette. Bruk av eigne tilsette som vikarar ført til overtidsbetaling på 150 %. Denne vikarbruken er også knytt til å dekke opp sjukmeldingar.

TENESTEPRODUKSJON

Lægreid skule

Lægreid skule hadde 105 elevlar ved årsskiftet 23/24. Ved oppstart 24/25 hadde me 106 elevlar. Ved årsskifte 24/25 hadde me 109 elevlar.



Det er 40 tilsette fordelt på 33,42 årsverk. Årsverk har auka grunna endra behov i forhold til romtilhøve. Fleire flyktningar med trong for norskopplæring og arbeid med einskildelevlar krev også meir ressursar. Ass. rektor og rektor har faste leiarmøte måndagar og leining og administrasjonen har faste møter tysdagar. Andre møter er: teammøte, klassemøter, SFO-møte, pedagogisk utviklingsarbeid, møter med reinhald og drift, og samarbeidsmøte rundt einskildelevlar. Me har seks tverrfaglege møter i året med barnevern, PPT, helse og skule.

Fråvær

- Det er oppgang i fråvær på skulen samanlikna med tal frå 2023(i parentes). Fråværsprosenten er no på 4,08 % (3,15 %) for alle avdelingar.
- SFO har ein svak nedgang til 6,66 % (7,74 %). Fråværet fører til meirforbruk i lønnskostnader til vikarar. I tillegg fører auke av born i SFO til høgare bemanning. Refusjon av sjukepengar dekker noko vikarbruk.
- Sjukefråværet i offentleg bading har ein svak auke og er på 3,35 % (2,78 %)

Sjukefråvær er drøfta med verneombod og tillitsvalt og me ser på kva som er årsaka bak tala og kva tiltak me set inn. Noko av fråværet skuldast sjukefråvær, noko i forbindelse med politiske verv og at mange har teke vidareutdanning.

Vår 2024: 3 lærarar og 5 assistent/fagarbeidar.

Haut 2024: 4 lærarar og 5 assistent/fagarbeidar.

SFO

SFO hadde ved årsskiftet 46 elevar. Då kommunen starta med 12 timar gratistilbod frå 3.- 4. kl. frå 1.8.2023, førte det i auke i barnetalet på SFO. Dette har heldt seg stabilt sidan då. Det er difor framleis behov for større vaksentettleik.

Tilsette har variert og solid erfaring og kompetanse. SFO leiar har teke fullført 60 studiepoeng i SFO utdanning og det er fire assistentar som har teke teorien til fagarbeidarutdanning. SFO gjennomførte modul 3 i kompetansepakke frå Utdanningsdirektoratet i tilknytning til rammeplanen, og fortset arbeidet med modulane i 2025.

Brakka til SFO vart teken i bruk i hautferien. Mykje godt kreativt arbeid skjer der og det er ein god avlastning med tanke på SFO-lokale inne.

Ein gong i veka er det møte for SFO-tilsette. Årsplan vert utarbeidd kvart år, og SFO-post vert sendt ut til føresette fleire gonger i året.

HMS arbeid

Me har hatt møte med Agil helse og har kartlagt HMS arbeidet. Det vart utarbeidd årsplan for HMS arbeidet for 2024. I januar/februar 2024 gjennomførte me medarbeidarsamtale med alle tilsette.

Me har gjennomført vernerunde jf. Kommunens HMS plan. Personalet kom i forkant med innspel til VO.

I forbindelse med sjukmeldingar gjennomfører me oppfølgingsmøter, dialogmøte og har brukt teneste hjå Agil helse, bedriftshelsetenesta.

Me har gjennomført vernerunde jf. reglement og me har gjennomført brannøvingar. Gjennomgang av beredskapsplan og opplæring av rutinar ved utløyst brannalarm, skjer i august kvart år.

Av sosiale tiltak har dei tilsette fått servert middag på sommaravslutning, på vinterfesten og julemiddag på Vik. I tillegg har personalet fått eit lunsjmåltid i samband med ein planleggingsdag. Kvar fredag har me lotteri.

Skulemiljøet og haldningsskapande arbeid

Skulemiljø: Me gjennomfører Elevundersøkinga for 5.-10. klasse årleg og Ungdata undersøking skjer kvart 3 år. I 2024 vart Ungdata undersøkinga gjennomført.

I **elevundersøkinga** skårar elevane ulike variablar frå 1 - 5, der 5 er best. I elevundersøkinga for 2024 kjem Eidfjord ut med ein skåre som ser slik ut: (* = skjult resultat)

- Trivsel: 4,5 i 7. kl. - 4,3 i 10. kl. (Landet elles: 4,1 og 4,0)
- Motivasjon for å lære: 3,8 i 7. kl. - 4,1 i 10. kl. (Landet elles: 3,7 og 3,6)
- Støtte frå lærarane: 4,7 i 7. kl. - 4,2 i 10. kl. (Landet elles: 4,1 og 3,8)
- Arbeidsforhold og læring, viktig å jobbe godt med skolearbeid: 4,3 i 7. kl. - 4,1 i 10. kl. (Landet elles: 3,6 og 3,5)

Ungdata 2024:

Svarprosent: Ungdomsskulen: 94 % og mellomtrinnet: 95 %.

På ungdomsskulen seier 90 % at livet mitt er bra og 100 % på mellomtrinnet. Om vener svarer 90 % at dei har ein fortruleg ven både på mellomtrinn og ungdomsskulen. 81 % av ungdommane er nøgd med foreldra sine og 100 % på mellomtrinnet. 87 % av ungdomsskuleelevane trivast på skulen og 100 % av elevane på mellomtrinnet trivast. Dei opplever at lærarane bryr seg. 84 % av ungdommane seier dei har eit bra lokale der dei kan treffe andre. Av mellomtrinnselevane er 100 % av dei nøgd med lokalmiljøet sitt.

Lægreid skule har nulltoleranse for mobbing. Skulen nyttar programma *Zippys venner*, *Eple*, *Passport* og *Drømmeskolen* i det førebyggjande arbeidet for livsmeistring og eit godt skulemiljø.

Me arbeider for å få eit tettare samarbeid med FAU og føresette. Har tett samarbeid med FAU med hyppige møter. Våren 2024 hadde me foreldremøte på 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-9. trinn. Foreldremøte med gutar og foreldre i 7., 8. og 9., som vart avtala hausten 2023 vart gjennomført i januar 2024. Deltakarar på møtet var rektor, kommunepsykolog og førebyggjande eining i politiet. Møtet var svært positivt og me merka ei betring i miljøet utover våren. Hausten 2024 hadde me storforeldremøte med FUG.

Lægreid skule er miljøtårnsertifisert, og har fokus på haldningsskapande arbeid om miljø- og klimautfordringar. Me skal resertifiserast i 2025.

Trivselsprogrammet (TL), der elevar er ansvarlege for aktivitetar i friminutta er positivt for skulemiljøet. Fleire skular i regionen er med på programmet og har felles opplæring i Eidfjord.

Skulematen har i 2024 hatt høg deltaking av elevar. Meny vert utarbeidd og sendt ut til føresette 4. kvar veke. Evalueringsmøte mellom partane er gjennomført. Elevrådet har hatt si årlege evaluering.

Måloppnåing

Me gjennomfører nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar kvart år. Klassar vert kartlagde i lesing, rekning og engelsk. I 1. og 3. klasse brukar me Utdanningsdirektoratet sine kartleggingsprøvar i lesing og rekning. I tillegg nyttar skulen internt kartleggingsverktøy i samarbeid med PPT og spesialpedagogisk team for å avdekke behov for ekstra tilrettelegging. Spesialundervisning har skifta namn til Individuell tilpassa opplæring- ITO.

Resultat nasjonale prøvar haust 2024 i gjennomsnittleg skalapoeng:

Klasse	Lesing Lægreid skule	Lesing Landet	Rekning Lægreid skule	Rekning Landet	Engelsk Lægreid skule	Engelsk Landet
5. Klasse	52	49	50	49	49	51
8. klasse	*	48	*	48	*	52
9. klasse	*	53	*	52		

Resultat med * er ikkje offentleg. Tal eller * merka med **GUL** er over landsgjennomsnitt. Resultata frå nasjonale prøvar vert publisert på en skala der det nasjonale gjennomsnittet er 50 skalapoeng.

I 2024 vart Lægreid skule best i landet på «skulebidrag» på 5.-7. trinn. Skulebidraget indikerer det skulen har bidrege med til elevane si læring i dei grunnleggande ferdigheiter/fag som vert testa på nasjonale prøvar på 5. og 8. trinn. Ein vert samanlikna med bidraget til elevar med tilsvarande elevbakgrunn på landsnivå. Skole-/ kommunebidraget tilsvar dermed skilnaden mellom det de gjennomsnittlege skalapoeng elevane faktisk oppnår på de nasjonale prøvene og det snittet dei forventast å oppnå dersom skolens/kommunens bidrag er likt med landsgjennomsnittet.

IKT

Det er ressurs på 30% til IKT-ansvarlege på skulen fordelt på to lærarar. Det er naudsynt at me har ressurspersonar til å drifte og å vere pådrivarar for pedagogiske løysingar. Me har tett og godt samarbeid med IKT-avdelinga i kommunen. Me må ha lisensavtalar som kan vere med å oppfylle kompetansemål, og bidra til variert og tilpassa opplæring. DPIA er stor arbeid som er tidskrevjande. Me ser difor at behovet for meir ressursar til IKT arbeid er aukande.

Kompetanseutvikling

Ein lærar tek vidareutdanning i spesialpedagogikk gjennom den statlege ordninga Kompetanse for kvalitet. Ein lærar tek utdanning i norsk som andrespråk gjennom Direktoratet for høgare utdanning. Desse var ferdige vår 2024. Ein fagarbeidarar tok SFO-studie 60 stp. over to år, og var ferdig i desember 2024. Hausten 2024 starta to lærarar med musikkutdanning, ei har teke engelsk og ei tek PPU- utdanning. 4 assistentar tek fagarbeidar utdanning.

SAMLA VURDERING

- Me har tilsette som er gode på å ivareta elevane sitt psykososiale læringsmiljø.
- Me fekk på plass nye rutinar for å følgje opp fråvær. Fråværet skal følgast opp frå fyrste dag. Fråværet er framleis før høgt. 50 elevar hadde over 5 dagar fråvær ila fyrste halvår. (10 dagar vert rekna som høgt på eit skuleår).
- Me var plukka ut til tilsyn om fråværet då Eidfjord peika seg ut som ein av kommunane som hadde høgt fråvær blant i 10. klasse. Tilsynet konkluderte med at skulen hadde gode rutinar for å følgje opp fråværet.
- Tilsette er opptekne av fagleg oppdatering og kompetanseheving på mange område. Dette viser att m.a. gjennom variert og tilpassa opplæring for elevane.
- Skulen nyttar nærområda til aktivitetar og undervisning kvar veke.
- I foreldreundersøkinga kom det fram at skulen har utviklingspotensiale ift foreldremøte. Dette arbeidet vart me betre på i 2024. Me hadde fleire møter og hadde september 2024 FUG på foreldremøte for heile skulen.
- Me har utarbeidd nye skulereglar og vil halde fram med vidareutvikling av elevmedverknad og skuledemokrati.

MODNEN BARNEHAGE

Modnen barnehage er ein 4 avdelings barnehage med plass til 57 born totalt. Det er 2 småborn og 2 storbornsavdelingar. Kvar avdeling vert leia av 1-2 pedagogiske leiarar. I tillegg har me støttepedagog, fagarbeidarar og assistentar.

Det vart gjort midlertidig endringar i leiarstrukturen frå 01.05.2024. Leiinga besto av tre teamleiarar i til saman 150%, i tillegg til einingsleiar i 40%. Hausten 2024 gjekk ein frå tre til to teamleiarar i til saman 150%.

Det vart utlyst stilling som kommunalsjef for oppvekst og utdanning hausten-2024. Stillinga vert besett 1 april-2025 og ein har ny organisering på plass i barnehagen frå denne tida.

Barnehagen hadde 18,2 årsverk i 2024. Her er spesialpedagogiske ressursar inkludert.

ØKONOMI

Modnen barnehage	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	17 052 091	14 277 215	-2 774 876	119
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	1 341 811	1 233 700	-108 111	109
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	541 693	694 000	152 307	78
40-49 Overføringsutgifter				
60-69 Sals- og leigeinntekter	-1 074 261	-807 400	266 861	133
70-79 Refusjonar	-2 118 282	-17 000	2 101 282	12 460
90-90 Finansieringsinntekter	-59 025	0	59 025	0
	15 684 029	15 380 515	-303 514	102

Modnen barnehage hadde våren-2024 store utfordringar med høgt sjukefråver. Det førte også med seg auke i vikarbruk i samband med eigenmeldt og sjukemeldt fråver. Noko av avviket vart dekkja inn av sjukerefusjonar. I og med at det vart gjort endringar kring organiseringa av leiarstrukturen førte dette med seg auke i bruk av lønnsmidlar.

Det totale sjukefråværet for Modnen barnehagen var 17% i 2024. I løpet av siste kvartal var sjukefråværet kome ned på 7%.

TENESTEPRODUKSJON

Våren 2024 vart det 51 born i barnehagen. Det var 10 born som starta på skulen hausten-2024. Hausten 2024 var det til saman 46 born i barnehagen. Barnehagen har fleispråklege born, mellomanna frå Ukraina og det er fleire born med trong for spesialpedagogisk hjelp. Alle som har søkt plass har fått det tilbodet dei har søkt om.



Modnen barnehage skal ha nulltoleranse mot mobbing og korleis ein skal jobba kjem tydeleg fram i handlingsplanen mot mobbing. Barnehagen har dei siste åra jobba mykje med krenkingsbegrepet, særskild etter at det vart endring i barnehagelova og innført aktivitetsplikt frå 01.01.21. Endringane krev at barnehagane jobbar systematisk for å førebyggje mobbing og krenkande oppførsel, og at me skal skape eit godt miljø der borna trivest. Dei vaksne sine haldningar og verdiar er vesentlege faktorar her.

Barnehagen har utarbeida rutinar og støttesystem gjennom ein plan for tidleg innsats. Rutinen skal sikre at barnehagen tilpassar det allmennpedagogiske tilbodet etter behov og føresetnader til kvart einskild born. Tidleg innsats handlar om å kome inn så tidleg som mogleg for å sjå kva borna treng for å utvikle seg, for så å setje inn eventuelle tiltak ut frå behovet til bornet. Å satse på tidleg innsats kan vere ein smart investering ved at ein i mange høve kan hindre større og meir kostbare tiltak seinare i livet.

For å kunne sikre barnas rett til medverknad og at dei jamleg får høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda, har barnehagen vald å jobbe prosjektbasert framfor temabasert.

Rammeplan har som mål å gje styrarar, pedagogiske leiarar og resten av personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehageverksemda. Vidare vektlegg planen vaksne sine haldningar, kunnskap og kompetanse til å møte, forstå og oppdra born til aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. Rammeplanen understrekar også barnehagen sin særeigne pedagogiske verksemd med vekt på omsorg og lek, læring og danning, og sosial og språkleg kompetansebygging. Desse områda skal det arbeidast med gjennom sju fagområder.

Barnehagen har pedagogisk personale der ca 30 % er barnehagelærar. Ein har også pedagogar med anna utdanning. Barnehagen har ikkje lukkast i å få nok barnehagelærarar frå hausten 2024. Men ein har fleire som tek barnehagelærarutdanning. Nokre av desse er inne i stillingar som barnehagelærar der det er omsøkt dispensasjon frå utdanningskravet.

Barnehagen har i tillegg til assistentar fleire tilsette med fagarbeidarutdanning.

Kompetanseheving skjer internt på avdelingsmøte, teammøter, spespedmøter, fagmøter for alle barnehagelærarane, personalmøte, planleggingsdagar og gjennom vidareutdanning, kurs/webinar og i rettleiingssamtalar.

Det vart gjennomført medarbeidersamtalar hausten-2024.

Tema ein har jobba med i personalgruppa gjennom 2024 er barnesyn, sosial inkludering og mobbing i barnehagen, utarbeiding av felles pedagogisk plattform, ROS analyse og gjennomgang av internkontrollsystemet, i tillegg til prosjektarbeidet "måltid er meir enn berre mat".

Etter at barnehagen gjennom regional ordning for kompetanseutvikling fekk midlar til å jobbe med utviklingsarbeid, har barnehagen valt ut temaet: korleis organisere dagen til borns beste. Her ynskjer ein særskild å sjå på korleis måltidet kan fungere som ein pedagogisk arena i tråd med det rammeplanen seier. Ein valde å kalle prosjektet - "Måltid er meir enn berre mat". Barnehagen har jamnleg møter i prosjektgruppa med mål om å vidareutvikla prosjektet i tråd med rammeplanen. Ein skal etterkvart besøke barnehagar i distriktet som mellomanna har eigen kokk/matansvarleg i barnehagen, og der borna i stor grad er delaktige i heile prosessen rundt mat og måltid.

Barnehagen har jamnlege møter med bedriftshelsetenesta. Saman lagar ein handlingsplan for kommande år og bedriftshelsetenesta er kvart år med eininga på planleggingsdag i august der aktuelle tema vert gått igjennom. Barnehagen har utfordringar kring høgt sjukefråvær. Dette gjer at eininga ikkje vert så stabil som ein ynskjer. Bedriftshelsetenesta bisto mellomanna i samband med utfordringar kring høgt sjukefråvær våren-2024. På planleggingsdagen i august-2024 var endring og omstilling eit tema.

Overgangsplanen mellom barnehage og skulen vert revidert kvart år. Ein samarbeider godt med skulen med tanke på å førebu førskuleborna til skulestart.

Det vart gjennomført foreldremøte hausten-2024. Der vart det informert om endringar som var naudsynt å gjennomføre når det gjaldt leiarstrukturen. Foreldremøte vart og nytta til å gje generell informasjon frå barnehagen, det vart informert om prosjektarbeidet og det vart diskutert utfordringar som barnehagen står i.

Det har vore gjennomført 2 møter i samarbeidsutvalet hausten-2024. Tema har vore utfordringar knytt til rekruttering, generell informasjon frå barnehagen, oppdatering av arbeidet i prosjektarbeidet i prosjektgruppa og ulike innspel/saker frå forelddegruppa.

SAMLA VURDERING

- Alle som søker barnehageplass innanfor søknadsfristen i mai og oktober får plass.
- Born og vaksne trives, og det er god atmosfære i Modnen barnehage.
- Me er gode på å ha barnehagen sitt overordna mål i sentrum, det å sjå det einskilde borna sine behov og å fylgja dei opp i kvardagen.
- Personalet er endringsvillige og fleksible.
- Fortsetje å ha fokus på kompetanseheving hjå heile personalgruppa.
- Halde fram arbeidet med å sikre eit godt psykososialt arbeidsmiljø.
- Sikre større stabilitet i personalgruppa.
- Større satsing på å rekruttere og behalde pedagogisk personale.

KULTUR, NÆRING OG BEREKRAFT

Eininga kultur, næring og berekraft er ei allsidig eining med mange ansvarsområde.

Eininga har 7,38 % faste stillingar samt sesongarbeid i galleriet og har i 2024 hatt noko bruk av vikarar.

ØKONOMI

Kultur/Næring & bærekraft	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	7 280 317	7 741 298	460 981	94
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 037 122	2 228 257	191 135	91
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	122 560	236 000	113 440	52
40-49 Overføringsutgifter	3 249 609	3 564 200	314 591	91
50-59 Finansieringsutgifter	23 797	0	-23 797	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-224 641	-150 600	74 041	149
70-79 Refusjonar	-822 293	-203 000	619 293	405
90-90 Finansieringsinntekter	-2 085 890	-1 480 000	605 890	141
	9 580 580	11 936 155	2 355 575	80

- Det har vore eit underforbruk i overkant av 2,3 millionær på driftsbudsjettet for 2024
- Det har vore eit mindreforbruk på løn som følgje av ei redusert stilling innanfor folkehelse, knytt til overføring til politisk verv.
- Det har vore eit mindreforbruk på løn som eit resultat av helserelatert fråvær.
- Det har vore redusert ressursbruk som ein direkte konsekvens av dei to førnemnde forholda.
- Slags og leigeinntekter knytt til brukarbetaling på ulike aktivitetar. Brukarbetalinga vert sett av på fond til bruk av utstyr innanfor dei ulike aktivitetane.
- Finansieringsinntekter er knytt til bruk av fond ulike tilskotsordningar.

TENESTEPRODUKSJON

BARN OG UNGDOM

Oppvekstgruppa arbeider kontinuerleg med å fanga opp det som skjer blant dei unge og sjå på tilbod og trendar i ungdomsmiljøet. Hausten 2023 vedtok gruppa å leggje sitt arbeid på is inntil førebyggjande plan var ferdig og vedtatt, då vil oppvekstgruppa ha ansvar for å fylgja opp førebyggjande plan og ruspolitisk handlingsplan. Våren 2024 tok oppvekstgruppa opp igjen si møteverksemd. No er det jamlege møter, slik som det er vedteke i ruspolitisk handlingsplan. To

møter på hausten og to møter på våren.

På fritidsklubben trivst ungdommane godt. Det at dei no har heile ungdomshuset som sitt eige er svært positivt. UngData undersøkinga som kom hausten 2024 viser at 90% av ungdommane på ungdomstrinnet i Eidfjord vitjar fritidsklubben. Samanlikna med 31% for Vestland og resten av Noreg.



I Hardanger ungdomsråd er alle Hardanger kommunane representerte gjennom lokale ungdomsråd. Leiar og nestleiar i Eidfjord ungdomsråd er medlem og representerer Eidfjord. Ungdomsrådet fungerer og som styre for fritidsklubben. På hausten hadde leiar og nestleiar allmøte med alle på fritidsklubben.

Det vart i februar 2024 gjennomført skitur til Myrkdalen med over 30 ungdommar påmeldt.

Den kulturelle skulesekken (DKS) er obligatoriske kunst/kulturtilbod for elevane i grunnskulen. Større barnehageborn deltek også. I alt 6 ulike lokale tilbod innan musikk, scenekunst, kulturarv, litteratur og kunst vart gjennomførte i tillegg til faste turnear og fylkeskonsertar.

KUNSTFORMIDLING OG KINO

Galleriet har vore i drift i same omfang som tidlegare. Det var 3 utstillingar sesongen 2024; Bente Kluge, Åse Ljones og Lars Gunnar Polden. Ved opning av utstillinga til Lars Gunnar Polden var de framsyning av forestillinga «Møte med eiga maske» om Polden sitt kunstanrskap. Galleriet har oppgang i antal besøkande frå 4744 til 5430.



Figur 1 Frå forestillinga "Møte med eiga maske"



Figur 2 Utsnitt av Åse Ljones si utstilling

Eidfjord kino har tilbod om to filmar tre sundager i månaden. Oftast har det vore ein film for vaksne og ein for barn. Kinoen har hatt 70 filmframsyningar i 2024. Antall personer/besøk på kinoen i heile 2024 er på 928 personer, mot 898 personar i 2023. Snittbesøk på 13 personar pr. film som er det samma som i 2023.

Hardanger- Berlin

Eidfjord kommune har hatt kontrakten på kunstnarligheita i Berlin som er ein Art in Residens sidan 20219 som eit ledd i å oppretthalde ordninga. Støttespelarar til ordninga er Hardanger kunstlag, Hardangerkommunane og Vestland Fylkeskommune. Frå 1. januar 2025 er det Kunstnarsenteret Kabuso som har overtatt kontrakten på leilegheita.

KULTURSKULEN

Kulturskulen hadde ved årsskiftet 142 elevplassar fordelt på 72 elevar. Tilbodet har vore instrumentalundervisning, song, dans og drama. Me har 12 elevar på venteliste, men desse har tilbod, og ynskjer fleire om det vert ledig plass.

Ved årsskiftet hadde kulturskulen 6 lærarar tilsett i deltidsstillingar. Ein av desse er innleigd frå ein av nabokommunane, og me leigar ut 5% stilling til ein av nabokommunane. Saman med rektor sin stilling utgjer dette 3,24 årsverk.

Kulturskulen har tilbod om musikkterapi på skulen og Bygdaheimen. Kulturskulerektor har òg vore knytt til drift av kommunen si heimeside, intranett og andre digitale tenester.

I 2024 samarbeidde me med Ulvik og Voss om UKM. Elles har elevane delteke på kulturskulen sine eigne konsertar, og på De unges festspilldag i Bergen (DUF).

Kulturskulen har, saman med kulturkontoret, lys- og lydutstyr som kan nyttast av innbyggjarar som vil utøva musikk- og kulturaktivitetar.

BIBLIOTEK OG STUDIESENTERET

Det har også i 2024 vore ein positiv trend på biblioteket, besøkstala har auka noko og utlånstala er stabile, både for vaksne og barn/ungdom. Når det gjeld arrangementer og aktivitetar arrangert av biblioteket er det ein god auke både i antal aktivitetar og besøkstal. Det har samanheng med satsinga på eit nærare samarbeid med Lægreid skule og Vaksenopplæringa. Fleire klassar har vore på besøk der vi har hatt temastund og lesestund, og med elevane frå vaksenopplæringa har vi hatt pratestundar i praktisk norsk. Alle desse treffa har vore særskjellege og bidrege til auka interesse for å lesa meir, der spesielt faktabøker har fått ein oppsving.

Samarbeid med ulike brukargrupper vil vi fokusera vidare på i 2025.

På hausten starta vi prosessen med fornying av biblioteksystemet, innhenta informasjon om kva for biblioteksystem som kan passe for vårt folkebibliotek og skulebibliotek. Målet er å skifte biblioteksystem, få eit meir fleksibelt og brukarvennleg system innan hausten 2025.

Aktiviteten på studiesenteret i Eidfjord har vore stabil. Det er framleis Næringshagen i Hardanger, studentar med lokal tilknytting, lag og organisasjonar og ikkje minst kommunale einingar som nyttar lokala.

KLIMA OG BEREKRAFT

Frå mars 2024 vart det tilsett rådgjevar for klima og berekraft i 30% midlertidig stilling.

Som Miljøfyrtårn har Eidfjord kommune arbeidd målretta mot å redusere organisasjonen sin belastning på klima, miljø og arbeidsmiljø. Eit av resultatmåla under Berekraft og næring i 2024 har vore å forbetre avfallshandsaminga internt i kommunen (Handlingsdel / økonomiplan 2024 – 2027).

I løpet av året har det kome på plass nye miljøstasjonar i kommunehuset, samfunnshuset, NAV, legekantoret og på skulen. Dei ulike einingane med reinhald, verneombod og miljøfyrtårnkoordinator har vore engasjert gjennom ein grundig prosess.

I desember var Eidfjord kommunehus resertifisert som hovudkontor. Det blei gjeve null avvik og ei anbefaling.



Klimaengasjerte born framfor kommunehuset i Eidfjord (foto: Kultur, Næring og Berekraft).

ENØK -fondet

Endring av retningslinjer for ENØK-fondet var vedteke i kommunestyret. Rulleringa vart gjort på bakgrunn av erfaringar sidan ordninga var innført. ENØK-fondet vart styrka med 1 million kroner i budsjett for 2024, slik at ein kunne halde fram med tildeling av midlar til ENØK-tiltak.

Totalt fekk 39 søkjarar tilskot i 2024, på til saman kr 482 418.

Grønt hytteliv Vestland

Me hadde tilskot til bruk av tiltak knytt til reduksjon av co2 utslepp og dette gav moglegheit til å setja opp buss frå Bu- til Maurseth samt Shuttle mellom hytteområde i Sysendalen på dagtid. Dette var gjennomført i vinterferieveka og i påskeveka. Det var brukt kr. 180 000 på tiltaket og det var 104 personar som nytta seg av tilbodet. Eidfjord kommune var representert under Arendalsveka da Grønt Hytteliv Vestland presenterte resultata av undersøkinga.

KULTURMINNE OG MUSEUM

I kulturminneplanen sin handlingsdelen er det skissert 3 hovudprioriteringar;

1. Fortsetje skjøtsel av Hæreid etter oppsett skjøtelsplan
2. Kulturmiljøet Vik-Lægreid; restaurering av steingard
3. Kulturmiljøet Varberg; utarbeide skjøtselplan i samarbeid med fylkeskommune og grunneigarar.

Det har ikkje vore arbeida målretta med dette i 2024. Drift og forvalting har utført noko restaurering på steinmur Vik – Lægreid ved tursti i Stangadalen.

Alle kulturminneskilt i Simadal, Eidfjord, Øvre Eidfjord og Måbødalen er skifta ut våren 2024. Arbeidet vart gjort av Arcoplan. Det vart sett opp eit par nye skilt samt at nokon fekk betre plassering.

FOLKEHELSE

I 2024 fekk me ferdigstilt folkehelseoversikta. I tillegg hadde me tilsyn frå Statsforvaltaren på folkehelse, då med særskilt fokus på psykisk helse blant barn og unge. Me fekk konstruktive tilbakemeldingar og rettleiing på korleis ein kan og bør arbeide framover. Av folkehelseiltak har me tilbod om vasstrening. Dette går over 10 gongar på vår og 10 gongar på hausten. I tillegg tilbyr me babysymjning, eit kurs på vår og eit kurs på hausten.

KULTURBYGG/ ANLEGG /IDRETT OG FRIVILLIG ARBEID

Eidfjord eig blant anna Gamleskulen og Bergsliskorane. Gamle skulen vart frigjort som fritidsklubb men er framleis opne for utleige til arrangement og aktivitetar. Vaksenopplæringa VOX held til i kjellaren.

Eidfjord turlag har ansvar for tilsyn av dagsturhytta som so langt har vore godt besøkt til alle årstider og all slags vær. Stien til hytta vart fullført hausten 2024 av drift, dei har laga ein flott sti som gjer at hytta er tilgjengeleg for dei fleste. Det er ikkje arbeida vidare med sak om rundløype ved dagsturhytta.

Turlaget har også tatt på seg vedlikehald av 4 turstiar som dei har påbyrja arbeidet på.

Tilskot til kulturarbeid hadde ved si ordinære tildeling med søknadsfrist 15. september 12 søknadar. Det vart utdelt kr. 202.000 til drift og arrangement samt praktisk hjelp ved større arrangement.

Tursti Kjeåsen vedlikehald

Det har vore gjennomført synfaring på stien. I tillegg er det kjøpt inn nødvendig tau. Me ynskjer å unngå vedlikehald i den travlaste tida, difor er perioden for å kunne utføra vedlikehaldet litt snever. Det trengs helikopter for å få opp nye stokkar. Målet er å få det på plass i løpet av 2025.

IDRETT OG SPELEMIDLAR

Det vart innvilga spelemidlar kr. 525.000 til dagsturhytta Aokanbu og kr. 300.000 til pumtrackbane.

Arbeidet med påbygg på idrettshallen vart omorganisert og det vart oppretta ei eiga prosjektgruppei 2024. Det vart teikna nytt bygg, vedtatt finansiering og utlyst og tildelt entreprenør. Oppstart av byggjearbeidet sett på vent til 2025 grunna den økonomiske situasjonen til entreprenør.

HEIMESIDA/INFORMASJONSARBEID

Heimesida har sin eigen redaksjon beståande av kulturskulerektor, kultursjef, konsulent på drift og forvaltning og konsulent på tenestetorget, i tillegg har dei knytt til seg IT. Kulturskulerektor er den einaste som stilling dedikert til denne oppgåva. Heimesideredaksjon har også ansvar for drift av Civis app, facebookprofilen til kommunen og intranettet. Heimesideredaksjonen server alle einingar og kommunale interesser samt tilbyr hjelp med informasjon ut til arrangement og hendingar i Eidfjord.

I 2024 har heimesideredaksjonen arbeida med:

- Fornyng av alle skjema knytt til overgang til nye ACOS/Websak +
- Jamleg oppdatering av heimeside og informasjon ut
- Innføring av normer for Universell utforming ift UU tilsynet
- Finna betre løysingar på intern kommunikasjon
- Profilhandboka for Eidfjord kommune

Informasjon ut er viktig, eit eksempel er beredskapshendingar ved uvær og stengde vegar som krev at ein er tilgjengeleg på ulike tider av døgnet, og krev god samhandling mellom heimesideredaksjonen, beredskap og administrasjon.

NÆRING

Det har i løpet av 2024 kome inn 3 søknader som vart politisk handsame og samla er det gitt kr. 509 103 i tilskot og kr. 350 000 i lån. Det er to søkarar til stønad til rettleiing, kompetanseheving og kurs gjennom Hardanger og voss næringshage. Eidfjord kommune har representantar i Team Hardanger som er eit team for næringskontaktane i dei fire kommunane i Hardangerrådet. I tillegg er Næringshagane i Ullensvang og Hardanger Voss samt Visit Hardangerfjord representert. Me har ca fire møter i året og der me har fokus på felles prosjekt som famnar utfordringar knytt til regionale utvikling med spesielt fokus på næring. Me har i 2024 hatt fokus på prosjekter som «fjernarbeidsplasser» og «rekruttering i Hardanger». Den største utfordringa i regionane for næringsutvikling er mangel på bustader og få tak i nok folk med riktig kompetanse.

Prosjekt “omstilling i reiselivet” som er eit samarbeidsprosjekt for å sjå på omstillingar knytt til endringar i reisevanar etter pandemien. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ulvik og Eidfjord og VLFK er medfinansierer. Prosjektet skal gå over tre år. Prosjektet er godt i gang og jobbar med å etablere tiltak som kan stå på egne bein etter at prosjektet er ferdig. Det er sett i gang mange ulike tilak og ein er inne i prosess med utvelging av kva prosjekt som skal vidareførast etter prosjektslutt.

Det er sett i gang arbeidet med Strategisk næringsplan som skal bygge på tidlegare utarbeid kunnskapsgrunnlag. Menon Economics AS skal utføre oppdraget og har fått to ekstrabestillingar knytt til utgreiing av Sima som næringsområde og gjennomføre ein økonomisk ringverknad knytt til dei ulike segmenta i reiselivet. Planen skal vera ferdig i juni 2025.

Visit Eidfjord er oppretta som eit kommunalt føretak. Dette medfører eit tettare samarbeid mellom VE og EK og felles planlegging og utvikling innanfor reiseliv som skal vidareutviklast gjennom m.a besøksforvaltningsplan.

Eidfjord kommune er medlem av Invest in Bergen som er behjelpeleg med å finne andre aktørar som kan vera interessert i Sima næringsområde etter at NorthConnect planane vart lagt på is. I tillegg er dette eit interessant område for andre mindre resurskrevjande industrier å etablere seg.

Samla vurdering

- Kultur, næring og berekraft har positiv botnlinje og me held oss innafor rāmene
- Det er utført medarbeidarsamtale med alle tilsette over 10 % stilling
- Sjukefråvære er lågt og innanfor akseptabel rāme,
- Det har i løpet av året gjennomført tre møter med AGIL helse med fokus på førebyggande HMS og det er planlagt et oppfyljingsmøte i løpet av 2025
- Det vert gjennomført personalmøte kvar 6 veke.

Generelt godt psykososialt arbeidsmiljø både på avdelinga og eit godt tverrsektoriell samarbeid med andre fagfelt.

DRIFT OG FORVALTNING

Eininga har fem ulike driftseiningar, som ligg under tre ulike driftsrekneskap.

Drift, reinhald og brann er samla i budsjettmessig under, "drift og forvaltning (drift)".

- Vatn og avlaup ligg i budsjettet "drift og forvaltning VA".
- Forvaltning har eige budsjett med namn "drift og forvaltning" (forvaltning).

Hovudansvarsområde til dei ulike drifteiningane er:

Drift

- Kommunale bygningar
- Vaktmeistersteneste
- Vegar
- Anlegg
- Parkar og grøntareal

Reinhald

- Reinhald av kommunale bygg

VA – Vatn og avlaup

- Vassverk og distribusjon av drikkevatt
- Avlaupsreinseanlegg og overføringsanlegg for spillvatt
- Overflatevatt
- Nytt reinseanlegg i Sysendalen

Brannvern

- Beredskap mot brann og ulykker
- Førebyggjande brannvern
- Tilsyn
- Feiing

Forvaltning

- Byggesak
- Plan
- Kart og oppmåling
- Miljø, landbruk, vilt og forureining

Det var ved utgangen av 2024 fylgjande fordeling av årsverk på dei ulike einingane. Tall i parentes er årsverk i 2023.

- Drift 13,0 (13,2)
- Reinhald 6,6 (6,2)
- VA 4,43 (3,43)

- Brann 0,55 (0,57)
 - Forvaltning 6,8 (7,0)
- Total antall årsverk er 31,3 (30,4)

ØKONOMI

Drift

Drift og forvaltning (drift)

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	18 963 880	17 689 807	-1 274 073	107
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	15 140 959	15 069 190	-71 769	100
30-39 Tenester som erstatter komm. eigenproduksjon	1 827 692	1 585 500	-242 192	115
40-49 Overføringsutgifter	0	10 300	10 300	0
50-59 Finansieringsutgifter	0	0	0	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-4 395 651	-3 491 100	904 551	126
70-79 Refusjonar	-1 739 435	-767 500	971 935	227
80-89 Overføringsinntekter	0	0	0	0
	29 797 444	30 096 197	298 753	99

Driftsdelen av drift sitt budsjettet

Konto (T)	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett endr.	Oppr.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	10 914 385,74	10 548 797,00	744 459,00	9 804 338,00	-365 588,74	103,47
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	12 929 817,33	13 692 087,00	150 000,00	13 542 087,00	762 269,67	94,43
30-39 Tenester som erstatter komm. eigenproduksjon	134 957,12	522 500,00	0,00	522 500,00	387 542,88	25,83
40-49 Overføringsutgifter	2 810 711,10	1 267 125,00	0,00	1 267 125,00	-1 543 586,10	221,82
60-69 Sals- og leigeinntekter	-3 803 226,34	-3 086 000,00	0,00	-3 086 000,00	717 226,34	123,24
70-79 Refusjonar	-4 085 358,60	-2 024 325,00	0,00	-2 024 325,00	2 061 033,60	201,81
	18 901 286,35	20 920 184,00	894 459,00	20 025 725,00	2 018 897,65	90,35

Det har vore eit underforbruk på om lag 2 millionar på driftsbudsjettet i 2024

- Det var mindre kjøp av varer og tenester på driftsbudsjett då me gjennom året hadde mange investeringsprosjekt. Mykje av innkjøpa og innleige var knyta direkte på investerings prosjekta.
- Drift hadde meir forbruk på lønnsutgifter på om lag 350.000 kr. Det var to vikarar gjennom sommarsesongen, som er nødvendig for og sikra ferieavvikling, avfallshandtering frå turistar samt park og grøntområde.
- Eidfjord kommune har mange bygg og anlegg som skal vedlikehaldas, og det er behov for eit driftsbudsjett som minimum er på dagens nivå for å kunne oppretthalda dagens tenestenivå.
- På inntektsida viser rekneskapet at det er meirinntekter på ca 700.000 kr i høve budsjett.
- Som følgje av fullt belegg i kommunale utleigebustader er meirinntekter på om lag 200 000 kr

- Det vart budsjettert med inntekter på Tinnhølvvegen på 700 000 kr, det kom inn 740 000 kr som er litt over budsjett.

Reinholdsdelen av drift sitt budsjett

Konto (T)	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett endr.	Oppr.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	4 844 384,37	4 238 082,00	298 806,00	3 939 276,00	-606 302,37	114,31
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	1 160 215,34	850 421,00	0,00	850 421,00	-309 794,34	136,43
40-49 Overføringsutgifter	279 915,25	49 000,00	0,00	49 000,00	-230 915,25	571,26
60-69 Sals- og leigeinntekter	-18 700,00	0,00	0,00	0,00	18 700,00	0,00
70-79 Refusjonar	-740 522,97	-49 000,00	0,00	-49 000,00	691 522,97	1 511,27
	5 525 291,99	5 088 503,00	298 806,00	4 789 697,00	-436 788,99	108,58

I 2024 har me hatt eit overforbruk på innleigde tenester frå RSV for å utføra deler av reinholdet av kommunale bygningar:

- Dagelg reinhald på helseavdeling.
- Vindusreinhald på Lægreid skule og kommunehuset utvending.
- Oppskuring og boning blåbæravd i Modnen barnehage.
- Etter anbud på reinhald av offentlege toalett i heile kommunen.
 - Det er ulike frekvens på reinholdet på dei ulike plassane.
 - Det er har i 2024 vore offentleg toalett på fylgjande stader:
Ved Vøringfoss hotell, Kråkeskarvet, Simadal, Kjeåsen, Eidfjordvatnet, brakke v/YX, brannstasjonen, Hjølmaaberget og Tinnhølen
 - Oppstart av reinhald av badstu på Kråkeskarvet
- Samstundes har prisane på forbruksvarer som tørkepapir, wc papir, utstyr og reinholdskjemikalie auka meir enn forventet og budsjettet.
- Grunna høgt sjukefråvær har kommunen også måtte nytta bruk av vikarar for å ta hand om oppgåvene.

Brannvern av drift sitt budsjett

Konto (T)	Rekneskap	Rev.budsjett	Budsjett endr.	Oppr.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	3 205 109,67	2 902 928,00	194 264,00	2 708 664,00	-302 181,67	110,41
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	1 050 926,13	526 682,00	0,00	526 682,00	-524 244,13	199,54
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	1 692 734,68	1 063 000,00	0,00	1 063 000,00	-629 734,68	159,24
40-49 Overføringsutgifter	409 787,75	56 732,00	0,00	56 732,00	-353 055,75	722,32
60-69 Sals- og leigeinntekter	-573 724,51	-405 100,00	0,00	-405 100,00	168 624,51	141,63
70-79 Refusjonar	-413 967,86	-56 732,00	0,00	-56 732,00	357 235,86	729,69
	5 370 865,86	4 087 510,00	194 264,00	3 893 246,00	-1 283 355,86	131,40

Vatn og avlaup

Drift og forvaltning VA

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	3 548 753	3 230 756	-317 997	110
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	4 981 633	4 109 210	-872 423	121
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	2 365 413	1 755 000	-610 413	135
40-49 Overføringsutgifter	79 844	41 000	-38 844	195
50-59 Finansieringsutgifter	0	0	0	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-19 505 451	-21 879 301	-2 373 850	89
70-79 Refusjonar	-16 909	0	16 909	0
90-90 Finansieringsinntekter	0	0	0	0
	-8 546 716	-12 743 335	-4 196 619	149

- Største avvik frå budsjett er på inntektsida. I Sysendalen var det få tilknytingar i 2024 og frå 10. oktober 2024 var det full tilknytingsstopp.
- Straum og slamtømming har vore underbudsjettet. På slutten av 2024 vert det gjort ei endring av tømmerutine på Eidfjord Silanlegg som vil redusere kostnaden ved anlegget i stor grad.
- I Øvre Eidfjord måtte ein kritisk komponent skiftast for å oppretthalde funksjonen til reinseanlegget. Den defekte komponenten var frå reinseanlegget var nytt og var om lag 50 år. Denne var dyrare enn det som var budsjettet for av deler i denne perioden.
- Ei brønnpumpe måtte og skiftast i Øvre Eidfjord for å kunne sikre tilstrekkeleg med drikkevatt til innbyggjarane.

Det var i 2024 avvik på lønn grunna ny driftsoperatør som var tilsett i mars. Då fleire av driftsoperatørane byrjar å nærme seg pensjonsalder, er stillinga ekstra i forhold til vanleg mengd driftsoperatørar. Dette for å kunne halde kontinuitet og kunnskapsoverføring,

- I avgiftssone 53 som er Eidfjord utanom Sysendalen var det eit negativt avvik på 788 000 kr i 2024.
- I avgiftssone 54 Sysendalen var det eit negativt avvik på 3 400 000 kr. Av desse var 2 700 000 kr manglande tilknytingsgebyr

Forvaltning

Drift og forvaltning (forvaltning)

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	5 451 934	5 837 167	385 233	93
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	2 129 552	2 182 600	53 048	98
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	917 194	483 000	-434 194	190

40-49 Overføringsutgifter	418 823	730 000	311 177	57
50-59 Finansieringsutgifter	40 755	0	-40 755	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-791 109	-1 388 200	-597 091	57
70-79 Refusjonar	-220 574	-50 000	170 574	441
80-89 Overføringsinntekter	-40 755	0	40 755	0
90-90 Finansieringsinntekter	-402 952	-350 000	52 952	115
	7 502 868	7 444 567	-58 301	101

Avdeling har eit overforbruk på 1 %, ei forbetring frå i fjor då overforbruket var på 17 %. Nedgangen i antall årsverk og at me i ein periode ikkje var fulltallig på byggjesak har ført til reduksjon i utgifter til lønn samanlikna med 2023.

Gjennom 2024 har det vore arbeida med kommuneplanen sin arealdel, som no i 2025 kjem på høyring. Det nyttast ekstern konsulent på arbeidet og dette har vore kostbart og medført overforbruk på planbudsjettet.

Forvaltning betalar for fleire ulike programvarar og lisensar som det er generelt høg pris på. Dette er til dømes kartprogramma våre og abonnement på Lovdata Pro og lovkommentarar frå Karnov.

Frå 2026 vil me gå over til anna leverandør for tilgang til lover og lovkommentarar, som vil føre til ei betydeleg innsparing.

TENESTEPRODUKSJON

Drift

Driftsavdelinga sine årsverk er fordelt slik:

- Tre vaktmeister stillingar fordelt på kommunale einingar.
- Ein malar stilling som vedlikehald kommunale bygg .
- Tre utarbeidarar som vedlikehald kommunale vegar og anlegg.
- Ein gartnar stilling til vedlikehald av park og grønt anlegg.
- To tømrrarar til vedlikehald av kommunale bygg.
- Ein person i 30 % tilknytt eigen verkstad
- Ein person som har ansvar for tekniske installasjonar
- Driftsleiar, konsulent og einingsleiar

I tillegg til faste stillingar er det vikarar og innleigd gartnar i høgsesongen.

Drifts avdelinga har i tillegg til vanleg drift gjennomført deler av investeringsprosjekta som var i 2024. Fleire av investeringsprosjekta var i passeleg størrelse å handtera med egne resursar.

Drift gjennomførte fyljande investeringsprosjekt:

- Badstu på Kråkeskarvet
- Leikeapparat Modnen barnehage
- Skifte av lyddører Legekontor
- Montering av Pump track
- Bygging av Sansehage ved Eidfjord bygdaheim
- Nye dører samfunnshus
- Garderobeskap på Bygdaheimen
- Slutført sti Dagsturhytta
- Tilrettelegging til ventilasjon vaksenopplæringa på Gamle skulen

Andre oppgåver drift har utført:

- Renovering av ein omsorgsbustad i brotkanten 8, leiligheit nr 5
- Lagt inn større straumkabel og kjøpt ny trafo til Fjåk sjokoladefabrikk, behovet for straum har auka i deira produksjon.
- Utbetring av parkeringsplass ved komande urnelund.
- Det vart etablert ei midlertidig toalettbrakke ved YX bygget for og ha eit toalett tilbud i øvre del av sentrum og i tilknytning til bensinstasjonen.

Sommarsesongen på drift:

- Det vart i tillegg til eigne tilsette leigd inn eksternt gartnarfirma for å ivareta beplantning og park områder i sommarsesongen, Eidfjord er ei turistbygd og uteområda må framstå slik innbyggjarar og turistar forventa det.
- Det vart innleigd kostebil som kosta kommunale vegar innan 1mai. Vegvedlikehald som vert utført i sesongen er grusing, salting asfaltering
- Turistavfall i heile kommunen vert tømt med eigne tilsette dette tilsvare ein 60% vikarstilling i høgsesong.

Vintersesong på drift:

- Drift har lyst ut anbud på brøyting og beredskap av kommunale vegar i 2024, anbudet er delt i 4 soner og er no tildelt 3 forskjellige entreprenørar.
- Driftsavdelinga brøyter fortau og tilkomstvegar til kommunale bygg sjølv, tilsette har ein 4 delt vaktordning slik at beredskapen er intakt i helg og høgtid.

Eidfjord kyrkje:

EK har ein samarbeidsavtale med Eidfjord kyrkje om tenester for kyrkja, den inneber bla graving på gravplassen. Graving på kyrkjegarden er arbeid som må prioriterast og ved slike tilfelle må tilsette på drift omprioritere og det vert stopp i anna arbeid på drift.

I 2024 var det 5 gravferder i Eidfjord.

Reinhald

Reinhald har hatt vanleg reinhald og vedlikehaldsoppgåver på kommunale bygg.

Det har og vorte utført arbeid for å auka kunnskapen og fokus på HMT arbeidet. Punkt som spesielt kan nemnast er:

- Ein tilsett har fått fagbrev som reinhaldsoperatør
- 1 tilsett har fått påstarta norskkurs
- Internt kurs i oppskuring og kjemikaliebruk
- Tilbod om spriometritest og vaksinasjon (hepatitt B) for alle reinhaldarne
- Kontinuerleg fokus på arbeidsmiljø
- Oppstartsmøte med NAV for å sjå på tiltak for å få ned sjukefråværet

Brannvern

Eidfjord brannvern er organisert som deltidsbrannvern med minimum 16 mannskap i 2 % stilling. Me har i store deler av året vore tilsett 17 mannskap for å stå godt rusta ved sjukdom og for å sikra eit godt oppmøte alle deler av døgnet.

Eidfjord kommune kjøper brannsjefteposter frå Voss Herad, i tillegg til at me har ein lokal brannvernkoordinator.

Oppgåvene til lokal brannvernkoordinator er dagleg drift og vedlikehald. Det er og Voss Herad som utfører arbeidet med tilsyn av særskilde brannobjekt i Eidfjord kommune.

- Det er totalt i kommunen 42 særskilde brannobjekt.
- Det har i 2024 vore gjennomført tilsyn mot 13 objekt i 2024.

Det var og gjennomført befarings på 5 andre bygningar som ikkje er registrerte som særskilde brannobjekt. Dette for å kartleggja om det er korrekt status eller om dei burde vore registrerte som særskilde brannobjekt.

Brannutdanning:

- 2 stk som har gjennomført "grunnkurs deltid"
- 2 stk som har gjennomført "utrykningsleiar deltid"

Begge kursa vart gjennomført som nettstudiar og ved Bergen brannstasjon i regi av Vest brann og redning.

- 2 stk har og gjennomført skogbrannkurs

Det er god kompetanse i brannvernet og me har ikkje noko stort etterslep av utdanning. Eidfjord brannvern burde hatt nokon fleire sjåførar til klasse C (lastebil) for å sikra seg tilstrekkeleg mannskap med denne kompetansen.



Bilar:

Brannbil som tidlegare har vore registrert som C1 (opp til 7,5 tonn) har i 2024 vorte klassifisert om til C (over 7,5 tonn). Denne bilen har alltid vore nokon tyngre enn det den har vore godkjend for. Dette er no retta opp i.

Utrykningar:

Det var i 2024 32 utrykningar (34 i 2023).

- 9 av desse var enten falske alarmer eller unødige alarmer, mot 13 slike alarmer i 2023.
- Dei fleste utrykningane i Eidfjord er likevel knytt til trafikkuhell. 14 av utrykningane i 2024 er trafikkulykker.
- Det har og vore ein markant nedgang i assistanse til helse og politi med ein i 2024 mot 9 i 2023.

Vatn og Avlaup:

På vatn og avlaup er det 4,43 årsverk

- 2 stk driftsoperatør i 100 %
- 1 stk driftsoperatør i 70 %
- 1 stk driftsoperatør i 73,5 %
- 1 stk sakshandssamar i 100 %

I Eidfjord er det 6 kommunale vassverk som produserer drikkevatt, dei kan ein finne på Bu, Brimnes, Eidfjord, Simadal, Øvre Eidfjord og i Sysendalen

I 2024 vert det produsert totalt 339 669 m³ med drikkevatt, der 92 000 m³ var i Sysendalen.

Når vatnet er ferdig brukt går det enten til eit av dei om lag 130 private mindre avløpsanlegga i kommunen eller til eit av dei kommunale reinseanlegga som me finn i Eidfjord, Øvre Eidfjord, Liseth eller på Maurseth.

For å transportere vatn og spillvatn har Eidfjord kommune om lag 60 kilometer med avlaupsleidningar og noko meir vassleidningar. Samla i underkant av 150 kilometer med leidningar.

I 2024 vart det tilsett ein ny driftsoperatør, som har gjennomført Norsk Vanns driftsoperatørkurs i avløp og bestått.

I 2024 starta Eidfjord kommune saman med Vann Vest og dei andre eigarkommunane eit samarbeidsprosjekt om rutinar og prosedyrar. Det vert gjennomført to fysiske samlingar der rutinane vert utarbeida. I 2024 var tema distribusjon av vatn. Prosjektet vil fortsette i 2025 med tema vassbehandling.

Forvaltning

Forvaltningsavdelinga består av til saman 7 årsverk, fordelt slik:

- Plan – 1 årsverk med 1 tilsett i 100 % stilling
- Byggjesak – 1,8 årsverk med 1 tilsett i 100 % stilling og 1 tilsett i 80 % stilling
- Natur, miljø og landbruk – 1,2 årsverk med 1 tilsett i 100 % stilling, samt innkjøp av 20 % landbrukstenester frå Ulvik Herad.
- Kart og oppmåling – 1 årsverk med 1 tilsett i 100 % stilling
- Jurist – 1 årsverk med 1 tilsett i 100 % stilling
- Avdelingsleiar – 1 årsverk med 1 tilsett i 100 % stilling

Det har vore noko utskifting på avdelinga i 2024 og ein nedgang i årsverk på 0,2. Då tidlegare rådgjevar for natur, miljø og landbruk slutta og stillinga vart lyst ut, var det ei av dei tilsette på byggjesak som fekk stillinga våren 2024. Dette førte til at ei stilling som byggjesakshandsmar vart lyst ut og me fekk tilsett ei med god erfaring i 80 % stilling, som starta i jobben hausten 2024.

I det daglege driv avdelinga med: sakshandsaming av innkomne søknadar innanfor fagfelta, rettleiing av innbyggjarar, tiltakshavarar og andre avdelingar i kommunen. Me er med i kommunens eigne prosjekt og produserar naudsynte søknader i tillegg til å bistå elles i prosjekta. Tilsette bidrar også i prosjekter hjå andre einingar.

Det har i 2024 vore lite innkomne søknadar innanfor både byggjesak, som medfører reduksjon i inntekter på avdelinga. For byggjesak har dette vore ein nedgåande trend over fleire år. Bakgrunnen er samansatt av auka prisar og renter mm, i ei dyrtid er det kostbart å byggje nytt. I 2024 har det ikkje vore tilknytingsstopp før oktober, men budsjettet syner likevel nedgang i antall saker.

Til tross for nedgang i innkomne saker manglar det ikkje arbeid på avdelinga. Det vert brukt mykje tid på rettleiing og andre hendvingingar.

- Avdelinga er med i «Fritidsbustadprosjektet» starta av Kartverket som inneber kvalitetsheving av matrikkelen med fokus på fritidsbustader. Dette er tidkrevande arbeid.
- Det har vore jobba med interne rutiner, malar, sjekklister mm, samt held me på med ein tilsynsstrategi for byggjesaker.
- Avdelinga er elles i stor grad involvert i kommunen sine eigne prosjekt.

- I samband med ekstremveret Jakob var personell frå forvaltning ute og målte flaumnivå og bidrog til kartlegging av skadar og søknad om tiltak. Ved akutte hendingar og andre hastesakar må andre oppgåver nedprioriterast.

PROSJEKT

Det har vore mange investeringsprosjekt i løpet av året. Nokon har vore starta opp tidlegare, andre har vore gjennomført i 2024 og nokre er ikkje vidarestillt og vert arbeidd vidare med i 2025.

Nokre av investeringsprosjekta som det har vore jobba med i 2024 er:

- Sysendalen reinseanlegg
- Leikeplassar
- Lyddørar legekantor
- Nye dører Samfunnshuset
- Garderobeskap omsorgsbustadar
- Fjerning av bygg og nybygg Evjo aktivitetssenter
- Sansehagen
- Torg og sjøfront

Meir utfyllande oversikt og kommentarar under kapittel om investeringar

MILJØ, KLIMA OG BÆREKRAFT

Ekstrem vær hendingar som kjem av klimaendringar tek tid og ressursar frå driftsavdelinga. Ved førebuing og etterarbeid ved slike hendingar må normal drift/arbeid setjast på vent og prioriterast ned.

I 2024 var det spesielt ekstremværet Jakob, i månadsskiftet okt/nov, som vert sett tilbake på som den største hendinga. Rv 7 mellom Brimnes og Eidfjord vart steng i 3 døgn grunna øydelagt Erdal bru. I Erdal hyttegrennd vart 1 hytte tatt av vassmengden i elva og for på sjøen. Både deler frå hytta og uthus, og masse tømmer vart skylt på fjorden. Som igjen førte til eit dyrt og krevande oppryddingsarbeid langs fjorden.

15-16 desember gjekk det ras både på Rv7 v/Furlo og FV5096 til Simadal. Simadølane var innestengt i tilsaman 16 timar. Dette førte og til at Eidfjord var isolert i tilsammen 18,5 time. Då Hardangervidda og var stengt samstundes.

Arbeid med å skaffe kommunen betre kunnskapsgrunnlag og vera ein bidragsytar mot NVE og andre statlege organ – krever i etterkant av slike hendingar mykje tid og ressursar på eininga.

Drift & forvaltning har fokus på å vektleggja miljø som ein faktor i utlysningar etter lov om offentleg anskaffingar.

Det er også fokus på at ein skal elektrifisere verktøy, utstyr og bilar som vert skrifta ut.

HMT

Sjukefråvær

Totalt sjukefråvær har i 2024 vore 10,08%. Dette er ein oppgang frå 2023 der totalt sjukefråvær var på 7,97 %. Det er ein auke av sjukefråværet på alle driftseiningane. Det er langtidssjukemeldingane på "kommunalteknisk drift og VA" som har auka mest.

Statistikk på sjukefråvær har ikkje same inndeling som budsjettet elles. Sjukefråværet på vatn og avlaup er i lag med drift.

Sjukefråværet fordeler seg slik:

Sjukefråvær Drift og Forvaltning 2024			
Driftseining	Korttidsfråvær	Langtidsfråvær	Total fråvær
Kommunalteknisk drift og VA	2,02 %	6,06 %	8,08 %
Reinhald	2,58 %	18,76 %	23,46
Brannvern	0,48 %	3,14 %	3,62 %
Forvaltning	2,58 %	0,79 %	3,37
Totalt	2,69 %	7,39 %	10,08 %

Transportmidlar

Det vart køyrd totalt 114.159 km med køyretøy på Drift og Forvaltning i 2024. Dette er ein liten nedgang i høve åra 2022 (120.012 km) og 2023 (121.691 km).

10,2 % av køyrde kilometer vart gjennomført med elektriske køyretøy.

UTFORDRINGAR PÅ EINGA


Tilsette.

- Snittalder for alle tilsette på Drift og Forvaltning er 45,1 år.

På dei ulike driftseiningane er snittalderen slik:

- Drift 54,8 år
- Brannvern 43 år
- Reinhald 45,8 år
- Vatn og avlaup 48 år
- Forvaltning 32,6 år

Alle tilsette på Drift og Forvaltning fordeler seg slik på alder.



Slik som diagrammet viser er det mange som skal gå av med pensjon dei nærmaste åra.

- Snittalderen på forvaltningseininga har etter eit generasjonsskifte vorte klart lågare enn resten av Drift og Forvaltning.
- Det er på VA og utarbeidarar på driftsavdelinga at me i næraste framtid vil få den største utskiftinga av personell.
- Det er viktig at ein får gode tilsette også i framtida. Me meiner at me må kunne tilby trygge arbeidsforhold, med gode kollegaer med utstyr og fasilitetar som speglar den tida me lever i. For å oppnå dette må fasilitetane knytt til driftsavdeling verta kraftig oppgradert. Det kan vera utfordrande å rekruttera nye og flinke medarbeidarar viss ikkje arbeidsgjevar kan tilby konkurrasedyktige vilkår.

HELSEAVDELINGA

Helseavdelinga har ein ramme på 9,2 årsverk og omfattar tilsette på legekontor, fysioterapi, helsesjukepleiar, barnekoordinator og psykiatrisk sjukepleiar.

I tillegg er BTI prosjektleiar i 60% stilling knytt til helseavdelinga. Kreftsjukepleiar og diabetessjukepleiar har hovuddelen av arbeidet sitt i Pleie og omsorg, årsverka er knytt til PLO.

Kjøp av jordmor i 10% frå Voss Sjukehus, psykologtenester i 20% frå Voss Herad og miljøretta helsevern frå Ullensvang kommune i 10%.

ØKONOMI

Helsetenester				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	11 795 890	10 879 501	-916 389	108
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	3 152 003	2 070 800	-1 081 203	152
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	3 044 671	3 073 744	29 074	99
40-49 Overføringsutgifter	34 785	30 000	-4 785	116
50-59 Finansieringsutgifter	36	0	-36	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-726 723	-645 000	81 723	113
70-79 Refusjonar	-4 605 943	-1 570 000	3 035 943	293
90-90 Finansieringsinntekter	-451 351	-500 000	-48 649	90
	12 243 367	13 339 045	1 095 678	92

Helseavdelinga dreiv i 2024 innan budsjett med ca. 1,1 mill. slik rekneskapen viser.

Det er overforbruk på lønn med kr ca. kr 900 000. Ca. kr 300 000 av dette er meirbruk på fastlønn som vert dekkja inn av statlege tilskot. Sjukepengar og foreldrepengar utgjer ca. kr 640 000. Det er og nytta ca. kr. 1,4 mill. meir enn budsjettert på legevikarar.

Sjukefråværet i 2024 var totalt 10,89%.

Kostnadar knytt til avgifter og lisensar er ca. kr 220 000 høgare enn budsjettert.

Inntekter frå refusjonar var ca. kr 3 mill. høgare enn budsjettert, noko som i stor grad påverkar den positive botnlinja.

For komande år bør det leggjast vekt på strengare budsjettkontroll på lønnsutgifter og vikarbruk, forbetra planlegging kring kontingentar og avgifter og vidare fokus på refusjonar.

Moglegheitsstudie legekontor/helsehus

I investeringsbudsjettet for 2024 vart det løyvd midlar til ei moglegheitsstudie for legekontor og helsehus. Studien skulle greie ut både nybygg og ombygging/rehabilitering av eksisterande lokale i kommunehuset.

Moglegheitsstudien er no gjennomført, og fleire sentrale aspekt knytt til planlegging og realisering av eit framtidsretta helsehus i Eidfjord er analyserte for begge alternativa. Analysen omfattar følgjande hovudområde:

- **Økonomi:** Kostnadsbiletet er vurdert med tanke på investering, drift, mellombelse løysingar og restverdi for bygget.
- **Framdrift og gjennomføring:** Risikovurderingar, tomtekjøp og reguleringsplan er identifiserte som avgjerande faktorar for om prosjektet let seg realisere.
- **Berekraft:** Helsebygget si påverknad på klima og energibruk er analysert, med mål om ein miljøvenleg og energieffektiv bygningsmasse.
- **Helsebygget som del av Eidfjord:** Studien vurderer korleis helsebygget kan integrerast i lokalsamfunnet, både som ein del av sentrum og gjennom tilbod som styrkjer fellesskapet.
- **Helsebygget som arbeidsplass:** Faktorar som påverkar arbeidsmiljø, trivsel og effektivitet for tilsette er vurderte, med vekt på gode personalfasilitetar og eit godt fysisk arbeidsmiljø.
- **Brukaroppleving:** Tilgang, tryggleik og trivsel for brukarane er analyserte, inkludert universell utforming, tilrettelegging for familiar og tilbod for fysisk aktivitet.
- **Organisering:** Studien vurderer fleksible areal, sonedeling og løysingar for effektiv drift og god brukaroppleving.

Samla sett viser analysen at rehabilitering av lokala i kommunehuset gir høgare måloppnåing enn bygging av eit nytt helsehus. Rehabilitering kjem særleg godt ut når det gjeld framdrift og gjennomføring, men òg økonomi og berekraft. Desse faktorane er vurderte som vesentlege.

Nybygg gir noko betre måloppnåing innan tema som arbeidsplass og organisering, men effekten av dette er vurdert som moderat.

Det er lagt særleg vekt på at rehabilitering er rimelegare, har lågare risiko og gir redusert klimagassutslepp samanlikna med eit nybygg. Moglegheitsstudien gir eit solid grunnlag for vidare planlegging og avgjerdstaking knytt til utviklinga av helsehus i Eidfjord.

Studien vart presentert for kommunestyret 09.09.2024.

TENESTEPRODUKSJON

Legekontoret

Det er 3 fulle legestillingar i Eidfjord kommune fordelt på kommuneoverlege, kommunelege II og LIS1. Kommuneoverlege: 50% administrativ/50% klinisk arbeid, i denne stillinga inngår rettleiing av LIS3 eventuelt LIS1. Kommunelege II: 80% klinisk arbeid/20% institusjon, i denne stillinga inngår rettleiing av LIS1. LIS1: 100%, er under utdanning, kan jobba sjølvstendig i mykje, men ikkje i alt arbeid.

Frå september 2023 har det vore tilsett 3 sjukepleiar i 100% stilling ved legekontoret i Eidfjord.

Det er kring 1050 personar som har fastlege ved Eidfjord legekantor. Legekantoret har hatt 4520 konsultasjonar med lege og 1873 konsultasjonar med sjukepleiar i 2024. Tal konsultasjonar har gått opp, noko som har gjort at refusjonsinntektene og er auka.

Diabetessjukepleiar, som er tilsett ved Bygdeheimen arbeider to dagar i månaden på legekantoret, og tilbyr diabeteskontrollar. Denne ordninga fungerer godt.

Legekantoret har hatt ansvar for influensavaksinering og Covid-19 vaksinering i 2024. Alle som har ynskt det har fått vaksine.

Eidfjord legekantor har lokal daglegevakt mellom 8-16 på kvardagar. Vaktene er fordelt mellom legane. Utover dette er Eidfjord kommune tilknytt Voss interkommunal legevakt. Eidfjordlegane har vakt i snitt ein dag i veka i interkommunal legevakt.

Fysioterapi

Det er 160% stilling til fysioterapi i Eidfjord kommune. Det er tilsett to fysioterapeutar i faste stillingar med statleg fastlønstilskot. Ein i 60%, og ein i redusert stilling frå 100% til 80%. Sidan 2022 har det vore tilsett vikar i ein av stillingane.

Fysioterapien er aktive i førebyggjande arbeid og med kvardags rehabilitering. Dette er tidkrevjande arbeid, men er vanskeleg å måla størrelsen av. Vidare har fysioterapien ansvar for rutinemessig undersøking av spedborn i lag med helsestasjon. På Bygdaheimen har fysioterapien tilsyn med eit varierende tal pasientar

2024 har vore eit aktivt år hjå Fysioterapiavdelinga. Etterspørselen har vore stor gjennom heile året.

Det har i løpet av 2024 vorte utført 1440 pasientkonsultasjonar. Desse er fordelt på 148 pasientar. Dette gjev 9,7 konsultasjonar pr. pasient. Gjennom 2024 har fysioterapiavdelinga fått inn kr. 331 530,00 frå eigenandelar og refusjon.

Det har ikkje vore venteliste på fysioterapi i 2024. Alle med behov fekk tilgang til behandling utan å måtte vente. Det har i 2024 vore arrangert 2 kurs i fallforebygging. Dette vart godt motteke og etterspurt, og vert difor vidareført i 2025.

Helsestasjonstenesta

Frå 01.01.2024 har helsesjukepleiar i kommunen vore tilsette i 100% fast stilling. Stillinga har ein periode frå april 2021 og ut 2023 vore auka frå 60% fast til 100%, med tilskot frå Statsforvaltaren, til styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelseteneste.

Helsetestasjonstenesta inkluderer førebyggjande tenester til born og unge 0-20 år med pårørande, samt helsestasjon og skulehelseteneste. Helsesjukepleiar jobbar og førebyggjande med offentleg helsearbeid, smittevern og vaksinasjonsprogrammet for barn og unge. Tverrfagleg samarbeid med til dømes BUP, PPT, barnevern osv, er ein viktig del av denne tenesta.

Oppmøte på helsestasjonen sine konsultasjonar er gode. I 2024 er det ikkje 100% vaksinasjonsdekning for barn opp til skulealder då nokon har takka nei til vaksine. Det er 58 (65 i 2023) sped- og småbarn i kommunen . I 2024 er det født 9 barn (6 i 2023). Skulehelsetenesta er utført i tråd med offentlege retningslinjer. Helsesjukepleiar har hatt pubertetsundervisning i 5. klasse og tilrettelagt for prevensjon undervisning i 9. og 10. klasse av MSO Bergen.

Helsesjukepleiar har pr. no ikkje koordineringsansvar i ansvarsgrupper, men er tenesteytar i fleire grupper som barnekoordinator koordinerer. Helsesjukepleiar og psykiatrisk sjukepleier har jobba for eit godt skulemiljø og har arrangert fleire samarbeidsgrupper både for gutar og jenter. Dei har saman med skulen, ruskoordinator hatt møter med elevar og foreldre for å førebyggja utanforskap og bruk av rusmidlar

Det har vore ein stor auke i elevar som har behov for samtale.

Helsesjukepleiar er medlem i kriseteamet.

Helsesjukepleiar er medlem i oppvekstgruppa. Gruppa består av kulturkoordinator, politi, psykiatrisk sjukepleiarar, nav, skule og helsesjukepleiar.

Helsesjukepleiar er med i gruppa som utarbeider plan for forebyggjande arbeid i kommunen. Helsesjukepleiar er medlem i ei tverrfagleg gruppe som består av barnevernet, skule, barnehage, PPT og helsesjukepleiar. Har 6 møter i året.

helsesjukepleiar har samarbeid med BUP i forhold til enkelt elevar.

Helsesjukepleiar har delteke på vaksinerings med influensa og korona vaksine.

Jordmor

Eidfjord kommune har jordmorteneste i 10%, jordmor føl opp gravide gjennom svangerskapet.

Det er laga plan for jordmortenesta. Alle gravide Eidfjord har fått tilbod om jordmorkontroll i 2024.

Barnekoordinator og BTI

Likeverdsreformen 2021 har ført til at rett til barnekoordinator er nedfelt i Helse- og omsorgstjenesteloven §7-2a, og i Pasient og brukerrettighetsloven §2-5c. Retten til barnekoordinator gjeld for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade

eller nedsett funksjonsevne, der barnet har behov for langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Det vart i 2022 tilsett barnekoordinator i 20% stilling, denne vart auka til 50% i 2023 pga. stor etterspørsel etter tenestene. Barnekoordinator har overteke koordineringsansvaret til barn med omfattande og langvarig behov. I 2024 har det vore arbeid med 9 individuelle planar, fordelt på 8 familiar som nytta seg av Barnekoordinatorordninga. I 2024 fekk ein ny familie innvilga barnekoordinator. Ingen avslutta barnekoordinatorordninga i 2024.

BTI prosjektleiar

Med bakgrunn i den nye Barnevernsreforma som tredde i kraft 1.1.2022 har kommunane fått meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma skal mellom anna bidra til å styrkja arbeid med førebygging og tidleg innsats. Hausten 2022 søkte Eidfjord kommune og fekk tilskot frå Barne, ungdoms og familiedirektoratet for å styrkja kommunen sitt utviklingsarbeid innan førebygging og arbeid for å hindra problemutvikling, ekskludering og marginalisering av barn og unge. Tilskotet vert nytta til BTI prosjektleiar. Prosjektet har som mål om å utvikla og implementera ein kommunal modell som skal synleggjera korleis planar, verktøy, rutinar og samhandlingsarenaer i kommunen skal bidra til systematisk identifikasjon og oppfølging av utsette barn og unge på alle nivå. Målet er å sikre alle barn og unge i Eidfjord kommune tidleg identifisering og riktig oppfølging

Psykisk helse og rus

Eidfjord kommune har ei 50 % stilling for psykiatrisk sjukepleiar knytt til psykisk helse for vaksne.

Sidan 2023 har me styrkt tenesta til òg å omfatte born ved å søkje tilskot frå Statsforvaltaren gjennom ordninga *Styrking og utvikling av helsestasjon og skulehelsetenesta*. I 2024 fekk me innvilga midlar til ei 50 % stilling for psykiatrisk sjukepleiar, noko som har gjort det mogleg å tilby lågterskeltenester til både born, unge og vaksne.

I 2024 har totalt 27 pasientar fått oppfølging, anten ved oppmøte eller gjennom tilsyn i heim.

Psykiatrisk sjukepleiar arbeider tverrfagleg med planar og førebyggjande arbeid.

Psykososialt kriseteam er og ei viktig oppgåve, det same gjeld vegleiing av anna personell i kommunen ved behov. Vidare deltek tenesta mellom anna i hukommelses- teamet, nettverk for førebygging av vald og overgrep og representerer Eidfjord kommune i Samarbeidsrådet sitt underutval for rus og psykisk helse.

Gjennom dette arbeidet bidreg psykiatrisk sjukepleie til eit meir heilskapleg, tilgjengeleg og førebyggjande psykisk helsetilbod i kommunen.

Kommunepsykolog

Kommunepsykologen sitt kliniske arbeid er meint å vera eit lågterskeltilbod og ha fokus på å førebygging av psykiske vanskar. Kommunepsykologen skal bidra til å løfta kompetansen om psykisk helse i kommunen. Funksjonen skal tilby undervising og rettleiing,

individsamtalar, bistand på systemnivå med evaluering, tenesteutvikling og kommunalt plan og utgreiingsarbeid.

Eidfjord har kommunepsykolog ein dag i veka.

Rådgjevande eining for russaker.

Frå 1.juli 2022 er kommunar pålagt å ha rådgjevande einig for russaker. Eininga har ansvar for å møte personar når oppmøte er sett som vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon. I samband med den varsla førebyggings- og behandlingsreforma som Regjeringa vil innføre frå 2023 er det varsla at dei rådgjevande einingane kan verte pålagt fleire oppgåver. Denne eininga er organisert på legekontoret i Eidfjord. På sikt vil det vera naturleg å vurdere å legge denne funksjonen til ruskonsulent/førebyggingskonsulent.

Konsultasjonsteam

Konsultasjonsteam er eit rettleiande organ som gjev råd og rettleiing til saker der det er mistanke om vald og overgrep mot barn, unge og funksjonshemma. Dette er eit interkommunalt tverrfagleg samarbeid. Konsultasjonsteamet har møter ein gong i månaden, oftare dersom det er naudsynt. Kommuneoverlege i Eidfjord deltek i dette teamet.

Helsefellesskapet i Bergensområdet

Helsefellesskap Bergensområdet bygger på avtalen som vart inngått mellom regjeringa og KS i oktober 2019. Det er ei forventning om å utvikle samarbeid med mål om meir samanheng og berekraft i helsetenestene.

Kommunane og helseføretaket skal, saman med fastlegar og brukaren, jobbe meir målretta og konstruktivt saman på ulike nivå.

Det overordna målet er *«innbyggernes helsetjeneste» - en god og trygg helsetjeneste basert på innbyggernes behov og premisser.*

Helsefellesskapet skal særskilt prioritere tenester til fire pasientgrupper:

- barn og unge
- personar med alvorlege psykiske lidingar og rusavhengige
- skrøpelege eldre
- personar med fleire kroniske lidingar

Eidfjord kommune har egne representantar frå helse og omsorg eller er representert av lokalt kommunalsjefsnettverket i alle fora i denne strukturen.

Kvalitet og fagutvikling

Helseavdelinga arbeider kontinuerleg med kvalitetsforbetring i tenesta.

Kommuneoverlege er ferdig med utdanninga til spesialist i samfunnsmedisin, ventar på godkjenning.

Psykiatrisk sjukepleiar er under utdanning i rus og psykiatri.

Mange nye deltakarar i kriseteamet. RVTS Kriseteam skulen, fleire i teamet har deltatt på kriseteamskulen.

Samvirkeøving på Voss i regi av Voss herad. Fokuset var på evakuering og pårørende senter og scenarioet var brann på Voss folkehøgskule.

Inspirasjonsseminar for erfaringskompetanse og naturterapi i regi av KORUS.

ROP konferanse KORUS Bergen 28/11-24.

Fagdag med RVTS 15/11-24.

Handlingsplan for Psykososialt kriseteam er revidert og vedteke i kommunestyre i 2024.

SAMLA VURDERING

Til trass for overforbruk på fleire område, har helseavdelinga totalt sett ei positiv botnlinje. Dette er hovudsakleg grunna betydeleg høgare refusjonar enn budsjettet, spesielt sjuke – og foreldrepengerefusjonar og tilskot/refusjonar.

Det har også i 2024 vore eit krevjande år med tanke på bemanning og oppgåveløysing i helseavdelinga. Sjukefråværet har vore varierende frå 4,13% til 15,22%, totalt 10,89% og høgare enn målsetjinga.

Lokala til helseavdelinga har i lengre tid vore ei utfordring då ein ikkje klarer å oppretthalde godt personvern, sikkerheit og gode arbeidstilhøve.

Moglegheitsstudiet konkluderte med at rehabilitering av dagens lokale i kommunehuset samla sett gjev ei høgare måloppnåing enn bygging av eit nytt helsehus. Alternativet med rehabilitering er rimelegare, har mindre risiko og har lågare klimagassutslepp enn eit nybygg. Moglegheitsstudien gir eit solid grunnlag for vidare planlegging og avgjerdstaking knytt til utviklinga av helsehus i Eidfjord.

Dette bør prioriterast høgt.

HELSE OG OMSORG (NAV SOSIALE TENESTER):

Sosialavdelinga består av sosialeiar i 100% stilling og mellombels flyktningkoordinator i 150% stilling. Sosialavdelinga er organisatorisk lagt til NAV-kontoret i Eidfjord. Det er todelt leiding ved NAV-kontoret i samsvar med gjeldande partnerskapsavtale mellom stat og kommune. Statleg del har ei full stilling lokalisert i NAV Eidfjord. Leiaransvaret for den statlege tilsette held til på NAV Voss.

ØKONOMI

Sosiale tenester	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl.trygd og avgift	3 568 039	4 957 652	1 389 613	72
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	468 165	500 800	32 635	93
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	2 399 734	2 060 000	-339 734	116
40-49 Overføringsutgifter	994 329	1 673 000	678 671	59
50-59 Finansieringsutgifter	0	15 000	15 000	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-233 000	-215 000	18 000	108
70-79 Refusjonar	0	0	0	0
90-90 Finansieringsinntekter	0	-15 000	-15 000	0
	7 197 267	8 976 452	1 779 185	80

Nav Sosial dreiv i 2024 innan budsjett med ca. 1,8 mill. slik rekneskapen viser.

TENESTEPRODUKSJON

Tenesteproduksjonen i sosialavdelinga omfattar lovpålagde tenester, der omfang og forbruk vil variere år for år. I 2024 var det ein auke i utgifter knytt til flyktningssituasjonen og barnevernsreforma, som gir kommunane meir fagleg og økonomisk ansvar for barnevernstenesta. Dette bidrog til at rekneskapen gjekk over budsjetttramma.

Kommunen mottar integreringstilskot for busetjing av flyktningar. Desse midlane blir førte på eit anna ansvarsområde, noko som kan gjere rekneskapen til ansvar 80 noko misvisande. Integreringstilskotet skal hovudsakleg dekke dei gjennomsnittlege utgiftene til flyktningarbeidet dei første fem åra etter busetjing.

I 2024 har sosialavdelinga tildelt stønader og tenester etter sosialtenestelova, inkludert økonomisk sosialhjelp, sosiallån og økonomisk gjeldsrådgiving.

Sosialeiar har også ansvar for:

- Oppfølging og rapportering av Husbankens bustøttesystem
- Saksbehandling av kommunale startlån

- Tildeling av parkeringsløyve for forflyttingshemma
- Vurdering og tildeling av følgekort
- Førebyggjande og tverrfagleg arbeid, inkludert deltaking i oppvekstgruppa og kommunen sitt psykososiale kriseteam –
- Utforming av søknader om midlar og brukarrådgiving-
- Arbeidsgruppe for planlegging av førebygging i Eidfjord kommune

Helse og omsorg

Sosialleiar har saksbehandlingsansvar for barn og unge med særskilte behov fram til fylte 18 år, jf. lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Dette omfattar:

- Ansvarsgruppemøter
- Vurderingar og saksbehandling av avlastingstiltak
- Tildeling av omsorgsstønad, støttekontakt og fritidskontakt

Rus- og psykiatritenestene

Sosialleiar samarbeider med psykiatrisk sjukepleiar og førebyggingskoordinator for å ivareta rus- og psykiatritenestene i Eidfjord kommune.

Flyktingtenesta

Flyktingtenesta planlegg og legg til rette for busetjing av flyktingar i samarbeid med IMDi. Dei hjelper flyktingane med etablering i eigen bustad, gjennomføring av introduksjonsprogrammet og integrering i arbeid, skule og lokalsamfunn.

Barnevern

Barnevernstenestene er organisert gjennom ein vertskommunemodell og blir drifta av Hardanger barnevern med hovudkontor i Odda. Sosialleiar har tilvisingsmynde for utbetalingar og overordna budsjettrapportering til rådmann.

SAMLA VURDERING

NAV Sosial har levert tenester i tråd med lovpålagde krav og budsjettmessige rammer, med eit positivt avvik i høve til budsjett på nærare 1,8 millionar kroner. Auka utgifter til flyktingar og barnevern gjer at ein bør vurdere justeringar i framtidige budsjett. Kommunen vil halde fram med arbeidet for kort saksbehandlingstid og god brukaroppf

PLEIE- OG OMSORG

Pleie og omsorg i Eidfjord er ei integrert teneste, det vil sei at pleiepersonalet (døgnbemanning) jobbar fleksibelt i avdelingane på Bygdaheimen og i heimetenesta. I pleie og omsorg har me og stillingar knytt til aktivitetsavdeling, kjøkken, vaskeri, heimehjelp og ergoterapi. Det vart i 2023 vedteke ny bærekraftig bemanningsløyseing og ny bemanningsplan. Vidare er det gjeve ein auke i ergoterapeut si stilling, den totale ramma er 40,63 årsverk.

ØKONOMI

Pleie og omsorg				
	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik i kr	Forbruk i %
01-09 Løn inkl. trygd og avgift	40 392 720	40 187 854	-204 866	101
10-29 Varer/tenester som inngår i komm.eigenprod	4 927 083	4 351 400	-575 683	113
30-39 Tenester som erstattar komm. eigenproduksjon	3 611 844	3 248 000	-363 844	111
40-49 Overføringsutgifter	0	0	0	107
50-59 Finansieringsutgifter	26 050	0	-26 050	0
60-69 Sals- og leigeinntekter	-3 248 374	-2 522 500	725 874	129
70-79 Refusjonar	-3 398 692	-1 005 000	2 393 692	338
80-89 Overføringsinntekter	-6 050	0	6 050	0
90-90 Finansieringsinntekter	-48 772	0	48 772	0
	42 255 809	44 259 754	2 003 945	95

Pleie- og omsorgstenesta dreiv i 2024 innan budsjett med ca. 2 mill. slik rekneskapen viser. Det er brukt kr 200 000 meir enn budsjettet på lønnsutgifter. Dette er ei betydeleg endring frå 2023 då ein låg ca. 5,7 mill. over budsjett på denne posten. Sjukefråværet i 2024 var totalt 9,01%.

Det er eit meirforbruk på varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon på kr 570 000. Fleire postar skil seg ut med avvik, både i positiv og negativ retning. Meirforbruket på kjøp konsulentteneste på kr 250 000 vert i hovudsak dekkja inn av eksterne tilskot og har ikkje påverka den ordinære drifta negativ. Postane for kontingentar og lisensar (11950) og for dataprogram (12403) har til saman meirforbruk på kr 209 539, som skuldast auka lisenskostnader og digitale behov.

Sals- og leigeinntektene samt refusjonar viser samla meirinntekter på over 3,5 millionar kroner samanlikna med budsjett. Auken kjem særleg frå brukarbetalingar, statlege tilskot og refusjonar knytt til sjukefråvær. Dette påverkar i stor grad den positive botnlinja. For komande år bør det leggjast vekt på vidare kontroll på lønnsutgifter og oppfølging av realistisk budsjett knytt til lisensar og digitale teneste.

TENESTEPRODUKSJON

Om tenesteproduksjon på sjukeheimen

Første delen av 2024 var stort sett roleg på sjukeheimen. Utover hausten har det gradvis auka med pasientar som har trong for institusjonsplass. Totalt har me hatt 5419 liggedøgn

på Bygdaheimen i 2024. Dette er fordelt på 12 langtidsopphald, 31 korttidsopphald og 25 avlastningsopphald i institusjon, det har vert eit fråfall på 4 personar i 2024.

Me merkar framleis godt at sjukehusa er snarare til å skriva ut pasientar til kommunale tenester no. Det er stadig oftare kompliserte medisinske behandlingsopplegg som skal løysast av kommunale tenester.

Om tenesteproduksjon i heimetenesta.

Heimesjukepleie er eit kommunalt tilbod til dei som har behov for nødvendig helsehjelp, eller hjelp til å meistra daglege aktivitetar.

Heimetenestene ytt ulike tenester til heimebuande personar. Det er eit mål å leggja til rette for at brukarar, som ynskjer å bu lengst mogeleg i heimen, skal kunna gjera det.

Heimetenestene ytte tenester til totalt 49 brukarar i 2024. 27 brukarar har hatt vedtak om tenesta medisinhandtering, hjelp med tillaging av dosett /multidose.

Totalt 40 personar har hatt tenesta tryggleiksalarm. Gjennom året har 7 personar avslutta tenesta og 6 nye har kome til. Gjennomsnittleg har 33-34 alarmer vore i bruk.

5 personar har hatt innvilga støtte / fritidskontakt.

Personar som har eit hjelpebehov og/eller er i risiko for underernæring, kan få levert middag heim. Gjennom året har 24 personar hatt motteke denne tenesta 2, 3 eller 7 dagar i veka, heile året eller i ein avtalt periode.

Dagplass er eit tilbod me har torsdagar. Då kan dei som ynskjer eit sosialt tilbod koma til Bygdaheimen for trening, bingo og sosialt samvær. 9 personar hadde den tenesta.

Praktisk bistand, 28 personar har hatt heimehjelp, dei fleste gjennom heile året, nokre i kortare periodar.

Omsorgsbustad; 16 personar har budd i omsorgsbustad i løpet av året. 14 av 18 bustader har vore i bruk.

Omsorgsstønad, har vore innvilga til 3 nærpersonar som har særleg tyngjande omsorgsarbeid. Stønaden er ikkje likestilt med løn for arbeidet.

Om tenesteproduksjon i aktivitetsavdelinga og vaskeri

Det er til saman 160% stillingknytt til aktivitetsavdelinga, 100% på vaskeriet.

Aktivitetsavdelinga legg til rette for daglege aktivitetar og måltid; frukost, lunsj og middag.

Det er fleire faste aktivitetar gjennom veka, td. trim, bingo, songstund og andakt.

Dagburkarar deltek på bingo, dette er eit mykje brukt tiltak.

Aktivitetsavdelinga har ansvar for kulturinnslag, utflukter og julebord for pasientane.

Aktivitetsavdelinga er ein viktig del av oppgåvedeling – rett kompetanse til rett oppgåve - i pleie og omsorg.

Om tenesteproduksjon kjøkken

Det er knytt 323% stilling til kjøkkenet, tre kokkar og ein assistent.

Det vert laga ca 30 middagsporsjonar dagleg, mange av desse er særskilt tilrettelagt pga. allergiar og ynsjekost.

Det vert serverer varm lunsj til bebuarane kvar dag. Personalet har høve til å kjøpe seg lunsj - me får då brukt middagsrestar.

Om tenesteproduksjon Ergoterapi

Ergoterapi er organisert under pleie og omsorg. Frå 2024 vart ergoterapeutstillinga auka til 80 % stilling.

Førespurnadar til ergoterapi er mellom anna oppfølging av pasientar ved institusjon, korttidsavdeling og rehabilitering, samt heimebuande som har behov for hjelpemidlar og tilrettelegging av bustad. Ergoterapeuten deltek i Hukommelsesteam, og er kontaktperson for NAV Hjelpemiddelsentral og kommunalt hjelpemiddellager.

I 2024 har ergoterapeuten deltatt i prosjektarbeid og rapportert på tilskot, vore synskontakt, hørselskontakt for heimebuande, og deltatt i nettverksarbeid. (Ergoterapeut fekk og rollen som verneombod hausten 2024.)

Kommunestatistikken frå NAV Hjelpemiddelsentral Vestland 2024 viser at Eidfjord kommune hadde 150 aktive brukarar med hjelpemidlar. Det vart utlevert 171 hjelpemidlar til ein verdi av om lag 871 000kr.

Koordinerande eining.

Alle kommunar skal ha koordinerande eining. Koordinerande eining er eit kontaktpunkt for samarbeid internt og eksternt. Eininga skal kunna gje informasjon til brukara og pasientar som har behov for sosial, psykososial eller medisinsk habilitering eller rehabilitering. I plan for habilitering og rehabilitering er funksjonen lagt til ergoterapeut.

Koordinerande eining er i oppstart i Eidfjord kommune pr 2024.

Kvalitet og fagutvikling

Pleie og omsorg arbeider kontinuerleg med kvalitetsforbetring i tenesta. Dette gjer me mellom anna ved å delta på pasientsikkerheitsprogram via Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) som er ein nasjonal satsing som skal bidra til å styrkje kvaliteten i helse - og omsorgstenestene.

Læringsettverk

Pleie og omsorg deltek i fleire læringsnettverk:

Gode pasientforløp er eit nasjonalt nettverk over 18 månader og handlar om betre overgangar i pasientforløp mellom sjukehus og internt i kommunen. Skal sikre at brukarar møter heilskaplege, koordinerte og trygge tenester. Sentralt i dette arbeidet er spørsmålet «kva er viktig for deg». Fire tilsette deltek i dette nettverket.

Demensforløp er ein nasjonalt nettverk over 18 mnd der det er fokus på implementere gode demensforløp for personar med demens og deira pårørande. Arbeidet skal sikre systematisk oppfølging ved å utarbeide retningslinjer for HUK-teamet (hukommelses teamet) Fire tilsette deltek i dette nettverket. Dei vart vinnarane av posterkonkurransen i læringsnettverket. Kåring på siste samling 05.09.2023. Premien var ei flott marsipankake med markring på Bygdaheimen 09.02.2024

Pårørandearbeid 2023 -2024

Målet er å styrke pårørendesamarbeid på individ, tjeneste og systemnivå med utgangspunkt i [Vi – de pårørende \(regjeringen.no\)](https://www.regjeringen.no) og [Pårørendeveileder - Helsedirektoratet](#). To tilsette og ein pårørande deltek i dette nettverket.

Det er utarbeidd brosjyre: «Velkomen som pårørande på Bygdahiemen» og skal gjennomføre pårørandeundersøkinga [IVARETATT?](#) i perioden 01.12.2023 – 31.03.2024.

Tilsette under utdanning/utførte kurs

- 2 til sjukepleiar (1 er ferdig i 2024, 1 i 2025)
- 1 til helsefagarbeidar (fagprøve i 2024)
- 1 lærling i helsefag (fagprøve i 2024)
- 5 tilsette har delteke på ABC demens kursrekke
- Fyrstehjelpskurs
- Norsk Sykepleiersymposium
- Sårkurs i regi av Helse Bergen
- Hukommelseskonferanse
- KS tariffskule
- Kurs i Visma ressursstyring
- Kollegastøtte
- Konferanse berekraftige bemanningsløyningar
- Turnuskurs
- Palliativ eldreomsorg

Det er lagt opp til internundervising eit par onsdagar i månaden. Tema her har mellom anna vore fyrstehjelp, hjartestartar, diabetse, dokumentasjon og behandling av sår

Utviklingsoppgåver

Ansvar, funksjon og roller

Eininga Helse og omsorg famnar om eit breidt spekter av tenester, NAV sosial er og organisert i denne eininga. Eininga har såleis komplekse ansvarsområde og store leiarspenn. Det er i 2024 arbeidd vidare implementering av årshjul som konkretisere ansvar-funksjon og roller til dei ulike leiarnivåa i helse- og omsorg.

Heltidskultur

Eidfjord kommune er ein liten utkantkommune som er avhengig av å rigge seg for framtida for å rekruttere, behalde og utvikle helsepersonell. I samband med dette vart det hausten 2022 sett i gang ein prosessen for å legge om til arbeidstidsplanlegging som fremjar heiltidskultur og er helsefremjande og forsvarleg jf. AML § 1-1 og § 4-1. Det er opplæring, lov og avtaleverk som fremjar heiltidskultur. I prosessen har det inngå leiarutvikling der ein har utforskar konsekvensane av tilsetnings- og arbeidstidspraksis som ligg føre i dag samt avklart kva leiings- og endringsprosessar som må verdsetjast for at kommunen skal få på plass ein praksis som i framtida i større grad enn i dag vil fremje heiltidskultur, robuste fagmiljø, kontinuitet og stabilitet.

Pleie og omsorg har jobba med omorganisering. Har fått ny bemanningsplan og turnus. Overgang til turnus med lange vakter - gradvis overgang på helg i fyrste omgang. Alle som har villa har fått auka stillinga si i den grad dei har ønska, i alt 16 stk. Gjennomsnittleg stillingsstørrelse har auka. Det er løyvd OU- midlar frå KS og Eidfjord kommune til sikre vidare oppfølging av prosessen i 2024. Det er og søkt om midlar frå Statsforvaltaren

Digitalisering og smart teknologi.

Kjernejournal, digihelse, velferdsteknologi og digital heimeoppfølging er ein del av nasjonale e-helseløysingar som det gjennom [Felles plan og rammeverk](#) er satt eit mål om at alle kommunar skal ta i bruk innan 2025.

Miljøfyrtårn

Bygdaheimen vart sertifisert som miljøfyrtårn i 01.11.2023, resertifisering i 2025.

Helsefelleskapet i Bergensområdet

Helsefelleskap Bergensområdet bygger på avtalen som vart inngått mellom regjeringa og KS i oktober 2019. Det er ei forventning om å utvikle samarbeid med mål om meir samanheng og berekraft i helsetenestene.

Kommunane og helseføretaket skal, saman med fastlegar og brukaren, jobbe meir målretta og konstruktivt saman på ulike nivå.

Det overordna målet er «*innbyggjers helsetjeneste*» - *en god og trygg helsetjeneste basert på innbyggjernes behov og premisser.*

Helsefelleskapet skal særskilt prioritere tenester til fire pasientgrupper:

- barn og unge
- personar med alvorlege psykiske lidningar og rusavhengige
- skrøpelege eldre
- personar med fleire kroniske lidningar

Eidfjord kommune har egne representantar frå helse og omsorg eller er representert av lokalt kommunalsjefsnettverket i alle fora i denne strukturen.

SAMLA VURDERING

- Pleie og omsorgstenesta hadde ei positiv botnlinje i 2024
- Skriftleg sakshandsaming har ikkje overskride 14 dagar og iverksetjingstida er sjeldan meir enn eit par dagar – om naudsynt same dag som behovet vert meldt.
- Det er utført medarbeidarsamtale med dei fleste tilsette i meir enn 20% stilling i 2024.
- Sjukefråværet ved pleie- og omsorg har vore høgare enn målsettinga
- Det vert utført jamlege møter: personalmøte, møter med tillitsvalde og verneombod, driftsmøter, tenestemøter, sjukepleiarmøter og nattevaktmøter
- Det vert jobba kontinuerleg for eit god psykososialt arbeidsmiljø
- Bedriftshelsetenesta har utført med målretta helsekontrollar og kurs/opplæring i høge emosjonelle krav og forflytting.

KOSTRA

Kostra (Kommune-Stat-Rapportering) er ei rapportering til staten/ SSB. Me har nytta oss av foreløpige Kostra tal frå 15. mars, og enkelte feilrapporteringar kan førekoma. Endelege kostratal for 2024 vert ikkje publisert før juni 2024.

Eidfjord kommune tilhøyrrer gruppe 17 i kostrarapporteringa. Dette er ei gruppe kommunar som er kjenneteikna av dei 10 kommunane i landet som har høgast frie inntekter pr. innbyggjar.

UTVALDE KOSTRATAL

		Eidfjord		Gruppe 17 2024
		2024	2023	
Barnehage				
Antall barn korrigert for alder per årsverk	antall	3,9	4,6	4,8
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning	prosent	24,8	39,1	34,6
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år	kr	371 560	375 380	297 862
Grunnskule				
Elevar som får spesialundervisning	prosent	9,5	8,5	9,1
Gruppestørrelse 2	antall	9,8	11,3	11,4
Netto driftsutgifter , per innbygger 6-15 år	kr	318 119	311 768	245 424
Helse- og omsorgstenester				
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger	Kr	76 993	76 736	58 581
Utgifter per oppholdsdøgn	Kr	10 568	10 212	7 482
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	31,0	31,0	19,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	årsverk	16,5	16,5	12,2
Avtalte årsverk i helsestasjon og skulehelseteneste				
Per 10 000 innbyggere	årsverk	51,8	51,8	62,1
Kultur / Barne- og ungdomstiltak				
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger	Kr	14 309	17 068	10 818
Besøk per kinoforestilling (antall)1	antall	13,3	13,0	14,0
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole	prosent	58,2	55,6	33,8
Plan,byggesak og miljø				
Gjennomsnitt. saksbeh. for byggesaker med 3 ukers frist	dager	...		14
Gjennomsnitt. Saksbeh. for byggesaker med 12 ukers frist	dager		40	28